



Årsrapport 2019

Fylkesrådmannen har ordet



Fylkesrådmann Ottar Brage Guttelvik. Foto: Terje Aamodt

Stort engasjement, omstilling og nye oppgåver prega 2019

Korleis oppsummerer vi eit år? I dette tilfellet 2019?

Vi kan begynne med å vise til samfunnsoppdraget vårt. Vi har mellom anna:

- levert tenester til innbyggjarane i fylket. Reparetten, undervist elevar i vidaregåande skole, levert kulturtenester, drifta kollektivtrafikken med buss og ferjer på kryss og tvers i heile regionen.
- forvalta oppgåver på vegner av staten. Delt ut løyve til akvakultur, forvalta vassdrag og sjøareal, følgje opp plan og bygningsloven, delt ut drosjeløyve, drive kulturminnevern, forvalta hjortebestanden. og ikkje minst funne det som kan vere eit vikingskip.
- bidratt til å utvikle regionen med våre samarbeidspartar. Utvikla ei digital gründerteneste, sett i gang med innovative bruløysingar, lansert berekraftsfylket, tatt initiativ til å bygge opp eit forskingsmiljø i Kristiansund. Vi er godt i gang med prosjekta Omstilling av organisasjonen mot 2020 og Møre og Romsdal 2025, det første for å omstille og utvikle organisasjonen, det andre for å bidra til betre utvikling og samarbeid mellom offentlege etatar i fylket. To sider av same sak: begge handlar om å tilpasse seg regionreforma og dei nye oppgåvene som følger med og ein ny og krevjande økonomisk situasjon.
- gjennomført val, fått på plass eit nytt fylkesting med nye og gamle fylkestingspolitikarar og fått ein ny fylkesordførar.

Men det er heller ikkje til å kome i frå, at 2019 var eit krevjande år. Vi har blitt sett på prøve av fleire grunnar:

2019 var året då Møre og Romsdal bestod som eigen region, medan dei fleste av dei andre fylka slo seg saman, og vi fekk ei rekke nye oppgåver frå staten. Vi har mellom anna planlagt for å kunne ta over drift, vedlikehald og forvaltning av fylkesvegane frå Statens vegvesen.

Vi starta bygginga av Nordøyvegen, og vi oppdaterte ferjeflåten vår, med nye kontraktar på el-ferjer, utan at vi fekk tilstrekkeleg finansiering frå staten. Og oppå der, etterslep av vedlikehald på fylkesveg, sikring av tunnelar, oppdatering av kaier etter nye miljøkrav.

For å nemne noko.

Opp i dette, var 2019 eit godt økonomisk år for fylkeskommunen. Det var stang inn på det meste. Vi klarte å halde driftsnivået innanfor budsjetttrammene, vi fekk større auke i skatteinntekter enn budsjettet, meir inntekter på finansområdet, auke i fondsavsetning og på tampen av året kom tunnelsikringsmidlar frå staten. Dette har gitt oss eit økonomisk resultat som gjer at vi står litt betre rusta til dei utfordringane som ligg framføre oss.

Ottar Brage Guttelvik

Ottar Brage Guttelvik, fylkesrådmann

Kva for oppgåver har fylkeskommunen?

Vi kan dele oppgåvene i fire:

1. Det regionale demokratiet

Fylkeskommunen er ein del av det norske demokratiet, der innbyggjarane i fylket kan vere med å påverke kva prioriteringar som skal gjerast for vårt område av landet.

Fylkeskommunen blir styrt av fylkestinget, som består av 47 folkevalde politikarar. Tinget vedtar planar, saker og budsjett for arbeidet til fylkeskommunen.

2. Vi leverer tenester til alle som bor og arbeider i fylket

Kvar dag leverer vi viktige velferdstenester som vidaregående opplæring, tannhelse, kollektivtrafikk, fylkesvegar og kulturformidling.

3. Vi forvaltar oppgåver på vegner av staten

Vi skal forvalte mynde på vegner av staten på område som kulturminne, vassforvaltning, friluftsliv og forvaltning av naturressursar.

4. Vi bidrar til å utvikle regionen.

Vi er ein pådrivar for berekraftig regional samfunnsutvikling, i tett samarbeid med kommunane, næringsliv og organisasjonane. Vi jobbar mellom anna for nyskaping, vekst og arbeidsplassar, by- og tettstadutvikling, kulturtildel og folkehelse.

Fylkesplanen - rapportering

Kva er fylkesplanen?

Fylkesplanen er den overordna planen for samfunnsutvikling i Møre og Romsdal. Planen skal gi fylkeskommunen, kommunale og regionale styresmakter, næringsliv, institusjonar og organisasjonar i fylket eit felles prioriterings- og avgjerdsgrunnlag. Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017-2020 har tre overordna prioriteringar, tre innsatsområde og tre gjennomgåande perspektiv.

Innsatsområde

Innsatsområda er dei områda der fylkeskommunen har størst kompetanse og verkemidlar til å påverke den regionale utviklinga. Resultata for 2019 er omtala i årsrapporten under Resultat og aktivitetar.

Overordna prioriteringar

Dei tre overordna prioriteringane er område der Møre og Romsdal fylkeskommune er utfordra til å ta rolla som regional samordnar. Prioriteringane skal følgjast opp gjennom nokre større felles prosjekt og utviklast i samarbeid med regionale og lokale aktørar.

I 2019 har det vore arbeidd med fleire større utviklingsprosjekt som Møre og Romsdal mot 2025, Campus Kristiansund, Byen som regional motor, Tettstadprogrammet, Plan for areal, klima og transport for Ålesundsregionen (PAKT) og Verdiskapingsprogrammet «Ein bit av historia». Meir informasjon ligg under «Store prosjekt og satsingar». Også implementering av Fol-strategiane for næringslivet og kommunal sektor er viktige tiltak under prioriteringa Omstilling.

Integrering er ei prioritering som er følgt opp både i vår tenesteproduksjon og i mindre utviklingstiltak. Eksempel på tiltak er eit pilotprosjekt ved vaksenopplæringa på Borgund vidaregåande skole Nyskapande integrering, karriererettleiing for minoritetsspråklege vaksne, tannhelsetenesta si oppfølging av samarbeidsavtalar med flyktningtenesta i kommunane og kurs for innvandrarar som ønskjer å starte verksem i Norge. Elles var overtaking av IMDi Midt sine regionale oppgåver frå 2020 og tilsetting av to integreringskoordinatorar ei viktig oppgåve i 2019.

Gjennomgåande perspektiv

Dei gjennomgåande perspektiva er nasjonalt prioriterte samfunnsomsyn som fylkeskommunen, kommunane og statsetatane, skal vurdere i alle planar og tiltak. Dette er omsyn som er med i plan- og bygningslova sin formålsparagraf.

Eksempel på tiltak i 2019 for å ta omsyn til barn og unge sine interesser, universell utforming og klima og miljø er:

Miljø og klima:

- Det er arbeidd med auke i tal reisande med kollektivtransport. Resultat er 2,4 prosent auke for heile fylket (Minus Ålesund) For Ålesund er det ein auke på 3,1 prosent.
- Det er gitt 5,0 mill kr i støtte til prosjektet «Blå-grønt samarbeid: Verdiskaping gjennom blå-grøne synergiar hos regionale forskingsmiljø». Prosjektet er eit samarbeid mellom Møreforsking, Runde Miljøsenter og NORSØK. Det skal utarbeidast ein samarbeidsmodell mellom dei tre partane, og dei faglege delprosjekta er innanfor kystøkologi og marine restråstoff.
- Vi har vidareført EØS-prosjektet YENESIS (Youth Employment Network for Energy Sustainability in Islands), saman med ti partnarar frå åtte europeiske land. Hovudformålet med prosjektet er å førebygge og redusere arbeidsløyse blant unge, mellom anna gjennom entreprenørskap og grøne arbeidsplassar. Det er i 2019 mellom anna førebudd showcases, som blir gjennomført fleire stader i Møre og Romsdal i 2020.
- I regi av Vestlandsrådet er det etablert eit samarbeid med dei andre fylkeskommunane i kampen mot marin forsøpling. Det er i 2019 starta arbeid med ein felles strategi for arbeid med å redusere forbruk og forsøpling av plast frå eigen verksemd.
- Det har vore større merksemeld rundt konsekvensane av klimaendringar for regional kulturarv gjennom arbeid med regional klimaplan og gjennom kartlegging av tilstand og sårbarheit.

- Etablering av Skjærgardstenesten i Møre og Romsdal, saman med filuftsråda og Miljødirektoratet.

Barn og unge

- Det er tilsett tre rådgivarar formidling som arbeider for å få fleire lærepllassar og lærebedrifter
- Gjennomføring av VIP og VIP makkerskap for å førebygge mobbing og sosial utesetjing
- Alle vg skolar i Møre og Romsdal er i gang med skolering og etablering av innsatsteam mot mobbing, i samarbeid med læringsenteret i Stavanger.
- Den offentlege tannhelsa sitt utadretta arbeidet ovanfor barnehagar, skolar og helseinstitusjonar har auka frå 1 872 timer i 2018 til 2 369 timer i 2019
- Vi har tilsett spesialist i pedodonti (barnetannpleie) i den offentlege tannhelsetenesta ved Ålesund kompetanseklivikk.
- Har starta implementering av ny Nasjonal faglig Retningslinje for tannhelsetenester til barn og unge 0-20 år
- Å utvikle byrom i tettstadane som er attraktive for bruk og opphold for barn er eit overordna og grunnleggande mål.
Tettstadprogrammet oppmodar kommunane til å gjere barnetrakkregistrering og sørge for god medverknad frå barn og unge som grunnlag for fysiske opparbeidingar.
- Fylkeskommunen har ansvar for å tildele skule- og lærlingekvotar til fiskerinæringa. Dette er ei ordning for å mobilisere fiskerinæringa til å ta inn fleire lærlingar.
Møre og Romsdal har ei stor fiskeflåte, og denne ordninga er godt kjent i næringa. Etter ein litt nølande start i 2015 med tilsaman 11 kvoter innvilga av Møre og Romsdal fylkeskommune i 2015 er ordninga blitt betre kjent, og i 2019 vart det innvilga 42 lærlingekvotar og 5 skulekvotar.
- Utvikla kollektivtilbod med gratis skyss for barnehagar i tidsrom med ledig kapasitet.
- Vi har arrangert Frivilligforum
- Gjennomføre pilotprosjekt med 3-4 kommunar om å utarbeide temaplan for UNGkunst og kultur i Møre og Romsdal
- Gitt tilskot og rådgjeving til bygging av anlegg for friluftsliv og idrett for barn og unge gjennom spelemiddelordninga
- Fylkeskommunen deltek i «Program for folkehelsearbeid i kommunene». Ei nasjonal satsing på barn og unge sin psykiske helse og rusmiddelforebygging, og i fylket er temaet «frå utenforsk til innanforsk»
- I samband med prosjektet "Ein bit Historia" er det sett i gang eit delprosjekt for å skape eit digital formidlingsunivers, med særleg fokus på å nå ut til barn og unge.

Likestilling og inkludering

- IMDi tilsett minoritetsrådgjevar i Møre og Romsdal som skal jobbe mot kjønnslemlesting, tvangsekteskap og negativ sosial kontroll. Arbeitsstad: Ørsta vgs
- Etablert 50 innvendige skjermar for ruteinformasjon for alle knutepunkt og viktige haldeplassar. Arbeidar også med utvendige skjermar for Molde trafikkterminal, Moa trafikkterminal, Ålesund Rutebilstasjon og i Kristiansund.
- Arrangert eit kompetansehevande kurs for organisasjonar som vil legge best mogleg til rette for universell utforming av lokale og til dømes heimesider. Kurset heiter «Tilgjengelighetsmerket» og var i regi av Norske konsertrangørar.
- Tilrettelagt og prosjektvert kulturstiar ved gravminner og andre arkeologiske funn, mellom anna Rødven, Hareid, Bremsnes, Holskeidet, Bjørset og Eidet i Surnadal
- Fylkeskommunen har arrangert kurs for innvandrarar som ønskjer å starte verksemd i Norge. Opplegget inneholder 6 samlingar i Molde og Kristiansund, og er støtta av IMDi.
- Lagt til rette for leseopplevelingar for dei som av ulike grunnar ikkje kan lese sjølv gjennom leseombodsordninga, kor frivillige les. Over 20 kommunar har et Bok til alle-bibliotek.
- Gjennomført inspirasjonssamling for 20 frivillige leseombod og kontaker i samarbeid med "Leser søker bok"
- Lagt til rette for gode lesertilbod til svaksynte gjennom e-bøker og lydbøker
- Evaluering av God Helse partnarskapen er gjennomført og ny samarbeidsavtale med kommunane blir inngått i 2020. Avtalen skal medverke til ønska samfunnsutvikling og utjamning av sosiale helseforskellar.

Hendingar i 2019

Januar

Nyttårskonferansen 2019 om fylket si framtid

Fylkeskommune, NAV, KS og Fylkesmannen i Møre og Romsdal inviterte leirarar i offentleg sektor til ny konferanse for å drøfte moglegheiter og utfordringar for fylket.

Barnehagebarn kan reise gratis med FRAM-bussane

Frå januar slapp barnehagebarn å betale for bussbiletten mellom kl. 9 og 13 alle kvardagar.

Hjerneforskar til konferanse om kreativitet og læring i framtidas skole

På dialogkonferansen argumenterte professor Kjeld Fredens for at elevar lærer betre viss heile kroppen – gjennom kunst og kultur – får meir plass i skolen.

Februar

Over 1 million kroner til kulturminne

Eit staseleg murbygg på Aspøya, ein fjellgard i Gjemnes og eit kvernhus i Aukra var blant dei 15 prosjekta som fekk støtte til restaurering og vern i fylket.

Konkurrerte om nytt utdanningstilbod for fjellførarar og ski-guidar

Fylkespolitikarane i Møre og Romsdal lokka med ein halv million kroner dersom Norsk Høgfjellskole skolen vart lagt til Åndalsnes. Og det vart den!

Martinus Giske Skrede kåra til Årets lærling

Ambulansefagarbeider Marius har gått Fagerlia vidaregåande skole og hatt praksisplass i Helse Møre og Romsdal HF. Det er første gongen Årets lærling er kåra i Møre og Romsdal.

Mars

Kva utdanningsprogram er mest pop på vidaregåande skole?

I alt søkte 3654 ungdommar om skoleplass på Vg1 i fylket. Teknikk og industriell produksjon og helse og oppvekstfag toppa lista over dei mest populære faga.

Kan algeproduksjon bli ei ny grøn næring?

Det var spørsmålet då vi inviterte aktørar innan næringsmiddel, fiskefôrprodusentar, utdanning, forsking og forvaltning til seminar i Kristiansund. Vi talte over hundre påmeldte.

Slik står det til med folkehelsa i Møre og Romsdal

I ein rapport over helsetilstanden i befolkninga, kom det fram at dei største utfordringane er manglende kvardagsaktivitet, psykiske plagar og sosiale forskellar.

Oppstart av det største utbyggingsprosjektet i fylket nokon gong

Bygginga av Nordøyvegen starta for alvor med sjøarbeid på Lepsøyrevet og første salve på Haramsfjordtunnelen og Nogvafjordtunnelen og Fjørtoftfjordtunnelen. Nordøyvegen er det første prosjektet i Noreg som inneheld bygging av tre undersjøiske vegtunnelar samtidig.

April

28 tidlegare barnevernsbarn fekk orsaking og økonomisk oppreisning for omsorgsvikt og overgrep

Då den to-årige oppreisningsordninga var avslutta, hadde 17 menn og 14 kvinner søkt om oppreisning. Gjennom ordninga kunne

tidligare barnevernsbarn søke om kommunal oppreisning for omsorgssvikt og overgrep.

Riksantikvaren ga millionstøtte til postvegen i Møre og Romsdal

Støtta skal gjenopplive postvegen som går gjennom heile fylket og bygge opp ei ferdselsåre av turløyper og andre aktivitetar.

Ungdomspanelet har gitt 13 ungdomsaktivitetar økonomisk støtte

Ballettshow, innovasjonscamp, utstyr til ungdomsklubb, escape room, sveiseverkstad og skredkurs var nokre av tiltaka som fekk tildelt totalt 135 000 kr.

Mai

hoppid.no lanserte digital gründerteneste

Tenesta skal gjere det enklare å starte bedrift, uansett kvar gründeren bur. Søke midlar, finne gründertips, rådgiving er nokre av funksjonane.

Byen som regional motor løyvde over 26 mill. kr. til byutvikling

No kan det bli leikeplass i Byparken i Ålesund, innandørs skateanlegg i Molde og gratis sundbåt i Kristiansund og andre tiltak.

Opna Ålesund kompetanseklínikk

Kompetanseklínikken måler heile 1500 m² og inneheld totalt 22 behandlingsrom. Klinikken er ein av dei største i landet.

Juni

Nye samferdselssjefar og 130 nye stillingar

Ole Jan Tønnesen vart tilsett som fylkesvegsjef og Stig Helle-Tautra som kollektivsjef. Dei nyopprettet stillingane er ein del av den nye organiseringa av samferdselsområdet, etter at fylkeskommunen fekk overført nye oppgåver som tilsvarar 130 stillingar frå Statens vegvesen.

Fylkestinget sa ja til bypakke i Ålesund

Ein bypakke består av fleire samferdsels- og bymiljøtiltak i og rundt byane. Eit fleirtal i fylkestinget vedtok pakken.

85 millionar til idrettsanlegg i Møre og Romsdal

Vi fordelte 85 millionar kroner i spelemidlar til idrettsanlegg. Det er den største spelemidelpotten nokon gong i fylket.

Juli

Vil at fleire innvandrarár skal starte bedrift

hoppid.no inviterte til kurs for innvandrarár som ønsker å skape sin eigen arbeidsplass i Molde og Kristiansund.

Vil ha hovudkontor for ferje-Noreg

Eit nasjonalt ferjekontor må bli lagt til landets største ferjefylke, heiter det i ein uttale frå fylkesutvalet.

Signerte busskontrakt for Ålesund, Giske, Sula og Skodje

Det var Vy Buss AS som vann anbodet om å levere rute- og skolekøyringa i Ålesund, Giske,

August

92 prosent av elevane fekk oppfylt ønsket om utdanningsprogram

Etter andreinntaket til vidaregåande skole har alle søkerar, i alt 9858 elevar, no fått tilbod om skoleplass.

Bør det bli produsert hydrogen på Smøla?

I følge ein analyse kan det bli lønsamt med hydrogenproduksjon på Smøla. Prosjektet er finansiert av EU, gjennom prosjektet G-PaTRA

September

To millionar kroner til smart planlegging av kommunale tenester

Ålesund kommune får støtte til å samle inn store mengder data og utvikle digitale simuleringsmodellar, i samarbeid med Kristiansund og Molde kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune.

Birgit og Liv vann novellekonkurransen

Til saman kom det inn 41 bidrag til novellekonkurransen fylkesbiblioteket arrangerte i samarbeid med Bjørnsonfestivalen og Dei nynorske festspela. I ungdomsklassa vann Birgit Sæther Åsgård (18 år) med novella «Hundedager». I vaksenklassa vann Liv Osnes Dalbakken med novella «Mot kveld».

Lanserte elektronisk varsel om mobbing

Med nokre få tastetrykk kan elevane melde frå om at dei ikkje har det bra på skolen. Den nye varselknappen mot mobbing er tilgjengeleg på nettsidene til alle vidaregåande skolar.

Oktober

Møre og Romsdal vart berekraftfylket

Fylkesordførar Tove Lise Torve og leiar for FN sitt smartbyprogram, Kari Aina Eik, signerte ein samarbeidsavtale, der Møre og Romsdal som første norske fylke er tatt opp i FN sitt smartbyprogram.

Fylkespolitikarane uroa over underfinansieringa av ferjedrifta

Ein delegasjon frå Møre og Romsdal fylkeskommune deltok på høyringar i Stortinget, om statsbudsjettet. Hovudbodskapen var at den statlege finansieringa av fylkeskommunale ferjer på langt nær er nok til å dekke kostnadane.

Fylkeskommunen gav 2,5 millionar kroner i støtte til Skaparhuset i Ulstein

Skaparhuset skal vere staden der næringsliv, elevar, studentar og offentleg tilsette møtast for å nyskape, lære og løyse utfordringar i samarbeid.

November

Ungdom på dagsorden hos ministeren

Leiar i ungdomspanelet i Møre og Romsdal, Urté Karanauskaité, deltok i dialogforum mellom ungdomsrepresentantar frå fylka og barne- og familieminister Kjell Ingolf Ropstad.

Over tusen år gammalt skip funne på Edøy i Smøla

Ved hjelp av georadar har arkeologar frå fylkeskommunen og Norsk institutt for kulturminneforskning avdekkja spor av eit skip i Smøla kommune. Oppdaginga skjedde på Edøy, i regi av prosjektet Ein bit av historia.

Skapar grøne jobbar i internasjonalt prosjekt

Vi deltar i EØS-prosjektet YENESIS for å redusere arbeidsløyse blant unge ved å utvikle kompetansen på entreprenørskap og grøne jobbar. I november var partnarar frå åtte land samla på Åndalsnes.

Desember

Innførte AutoPASS takstregulativ

Fylkestinget vedtok at Møre og Romsdal fylkeskommune skal innføre AutoPASS takstregulativ frå 01.07.20.

Fekk 2 mill. kroner til prosjekt for utsleppsfree hurtigbåtar

Vi fekk midlar frå Klimasatsordninga i Miljødirektoratet til å utvikle null- og lågsleppsløysingar i hurtigbåtsamband i fylket.

Fleire utdanningstilboda blir ikkje starta opp i 2020

Fylkestinget vedtok å ikkje starte opp fleire tilbod på vg 1, vg2 og vg3 i forbindelse med behandlinga av økonomiplanen 2020.

Prisar og stipend

Årets bedrift

Fylkesprisen Årets Bedrift vart tildelt Pipelife. Bedrifta produserer plastrøyr og er verdsleiande i sitt slag. I grunngjevinga stod det at dei fekk prisen for satsinga på robotisering, digitalisering og dyktige fagarbeidara.

-Denne prisen er ein ekstra motivasjon for oss. Den betyr mykje for oss, det er godt å bli sett, sa adm. direktør Kjell Johan Larsen då han tok i mot prisen under fylkestinget i juni. [Prisvinnarane vart intervjua etter tildelinga](#)

Trafikktryggingsprisen

Trafikktryggingsprisen 2019 gjekk til Gulstripeaksjonen ved Solvår Skogen Sæterbø. For å sette søkelyset på utryggheita for dei som bur langs strekninga E39 Betna-Stormyra, vart det strikka gulstripe av den engasjerte aksjonsgruppa. -Gulstripeaksjonen har på ein veldig god måte gjort synleg behovet for prosjektet med ei folkeleg og nøktern tilnærming til utfordringa, sa FTU -leiar Iver Nordseth. [Prisen vart overrekt under fylkestinget i oktober.](#)

Likestillingsprisen

I 2019 vart likestillingsprisen tildelt Mayada Alfaiyad. Alfaiyad har halde innlegg på 8. mars- arrangement der ho fortalte om korleis det var å vere kvinne i Syria før krigen begynte. Ho er aktiv i lokalmiljøet sitt både gjennom jobb og fritid og formidlar kunnskap om det norske samfunns- og arbeidslivet, og er ein ressurs for mange. [Alfaiyad fekk overrekt prisen under fylkestinget i desember](#)

Miljøprisen

-Ulrik er eit symbol på det engasjementet vi opplever at barn og unge har for klima og miljø. Vi ønsker å sende ein spesiell takk tilbake til han og til den oppvoksande generasjonen, sa leiaren av kultur-, nærings- og folkehelseutvalet, Marit Nerås Krogsæter. Prisen gjekk i år til ti år gamle Ulrik Sandøy Sørensen frå Frei i Kristiansund. [Prisen vart delt ut under fylkestinget i desember](#)

Fylkeskulturprisen

I 2019 gjekk prisen til Karin Augusta Nogva. - Karin Augusta Nogva sitt engasjement for kunstnarar i fylket og for kunstformidling til barn og unge, og i samfunnet generelt gjer henne til ein verdig vinner av fylkeskulturprisen 2019, seier leiari i kultur-, næring,- og folkehelseutvalet Marit Nerås Krogsæter. [Prisen vart delt ut under fylkestinget i desember.](#)

Stipend

Kunstnarstipend

Namn	Kommune	Kunstart	Sum
Arbeidsstipend			
Siri Skjerve	Surnadal	Visuell kunst	200 000
Astrid Overaa	Ålesund	Scenekunst	200 000
Andre stipend			
Heidi Rødstøl	Rauma	Visuell kunst	75 000

Namn	Kommune	Kunstart	Sum
Lena Nymark	Ålesund	Musikk	60 000
Charlotte Krikebø Riise	Ålesund	Litteratur	85 000
Trygve Nielsen	Fræna	Film	70 000
Raymond Cerrado Knutsen	Volda	Scenekunst	110 000

Idrettsstipend

Namn	Kommune	Sum
Birthe Franck-Petersen	Ålesund	40 000
Ålesund friidrett	Ålesund	10 000
Gaute Skar-Hovde	Molde	40 000
Haram Bowlingsklubb	Haram	10 000
Idrettslaget Braatt	Kristiansund	50 000

Årsmelding

Årsmelding 2019 - Møre og Romsdal fylkeskommune

Årsmelding 2019, signert

Fylkeskommunen er ein politisk styrt organisasjon med fylkestinget (47 representantar) som det øvste folkevalte organet. Leiar for fylkestinget er fylkesordføraren. Andre sentrale utval med medlemer oppnemnd av fylkestinget er:

- Fylkesutvalet
- Hovudutvalet for utdanning
- Hovudutvalet for kultur, næring og folkehelse
- hovudutvalet for samferdsel
- Kontrollutvalet

Fylkeskommunen sine ulike roller og planverk er omtalt i årsrapporten.

Fylkeskommunen sine viktigaste oppgåver i dag er:

- Vidaregåande opplæring (vidaregåande skoler, fagopplæring, vaksenopplæring mm.)
- Samferdsel (fylkesvegane, fylkesvegferjer, kollektivtrafikk i fylket, ruteopplysning mm.)
- Offentlige tannhelseteneste
- Regional planlegging
- Næringsutvikling (tilretteleggande virkemiddel for næringsutvikling og entreprenørskap)
- Forvalte regionale utviklingsmidlar (strategisk bruk av nærings- og distriktpolitiske virkemidlar)
- Kultur (fylkesbibliotek, spelemidlar til idrettsanlegg, midlar til kulturbrygg, driftstilsikt mm.)
- Folkehelse (pådrivar for regionalt og lokalt folkehelsearbeid)
- Internasjonalt arbeid

Driftsrekneskap

Møre og Romsdal fylkeskommune har i 2019 eit positivt netto driftsresultat på 313,5 mill. kroner i 2019 (tabell 1). Dette er ein auke på 248,0 mill. kroner samanlikna med rekneskapet for 2018 (i nominelle kroner).

(i 1000 kroner)	Rekneskap 2019	Rekneskap 2018	Endring 2018- 2019
Driftsinntekter	5 646 888	5 441 731	205 157
Driftsutgifter (inkl. avskrivningar)	5 365 070	5 372 040	-6 970
Brutto driftsresultat	281 818	69 691	212 127
Netto finansutgifter	-272 731	-283 088	10 357
Motpost avskrivningar	304 426	278 866	25 560
Netto driftsresultat	313 513	65 469	248 044
Netto bruk av bundne fond	-23 117	-27 548	4 431
Netto driftsresultat korrigert for bundne fond	290 396	37 921	252 475
i prosent	5,1 %	0,7 %	

Tabell 1

Auken i netto driftsresultat skyldas i hovudsak at Møre og Romsdal fylkeskommune fekk ein betydeleg auke i skatteinntektene og i statlege overføringer i 2019 sett i samanheng med fjoråret, medan driftsutgiftene har gått noko ned.

Noko av auken i driftsinntektene skyldast at fylkeskommunen fekk utbetalt 60,97 mill. kroner i tunnelsikringsmidlar i 2019, som eigentlig gjeld for 2020. Det er vanskeleg å sei om dette tilskotet også vert vidareført i 2021. Dette vil ein først få vete under framlegginga av statsbudsjettet hausten 2020.

Det tekniske berekningsutvalget (TBU) for kommunal og fylkeskommunal økonomi har anbefalt at fylkeskommunane bør ha eit måltall for netto driftsresultat på om lag 4 prosent. Måltallet er basert på netto driftsresultat korrigert for bundne fond. Fylkeskommunen har ei målsetting om at netto driftsresultat årleg skal være på om lag 2 prosent den neste 4-års perioden. I 2019 oppnådde fylkeskommunen 5,1 prosent mot 0,7 prosent i 2018. Dette vil vere eit viktig bidrag for å halde målsettinga om 2 prosent i 4-års perioden. Spesielt sett i samanheng med utfordringane som ventar dei komande fire åra med auka investeringar og investeringsutgifter, som vil legge press på økonomien til fylkeskommunen (sjå pkt. 8. Utfordringar framover).

Meir-/ mindreforbruk i forhold til budsjett

Rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk viser kva Møre og Romsdal fylkeskommune sit igjen med etter at ein har korrigert netto driftsresultat med bruk og avsetjingar til fond. Det er meir-/mindreforbruket som skal disponerast av fylkestinget i saka om årsrekneskapet.

(i 1000 kroner)	Rekneskap 2019	Rekneskap 2018	Endring 2018-2019
Netto driftsresultat	313 513	65 469	248 044
Netto avsetjingar	-62 492	-25 734	-36 758
Rekneskapsmessig mindreforbruk	251 021	39 735	211 286

Tabell 2

Møre og Romsdal fylkeskommune hadde i 2019 eit samla mindreforbruk på 251,0 mill. kroner i forhold til budsjett. Dette er 211,3 mill. kroner høgare enn i 2018.

Dei største avvika sett i samanheng med budsjettet finn ein i skjema 1A i «Årsrekneskapet 2019 for Møre og Romsdal Fylkeskommune». Tabell 3 (under) viser eit samandrag av dei største avvika med kommentarar.

	Rekneskap 2019	Budsjett 2019	Avvik (B - R)	Rekneskap 2018
Skatteinntekter	1 606 410	1 512 800	-93 610	1 529 781
Rammetilskot	2 745 313	2 719 000	-26 313	2 598 028
Andre direkte eller indirekte skattar	8 822	9 200	378	9 494
Andre generelle statstilskot	20 070	20 802	732	54 141
Generelle overføringer frå andre	9 122	7 400	-1 722	7 013
Sum frie disponibele inntekter	4 389 737	4 269 202	-120 535	4 198 457
Netto finansutgifter	-278 156	-298 450	-20 294	-286 275
Overføringer til investeringsrekneskapen	0	0	0	-11 400
Netto avsetjingar	-35 597	-35 597	0	18 906
Ufordelte utgifter/inntekter	35 800	33 813	-1 987	20 890
Frie inntekter til bruk på rammeområda	4 111 784	3 968 968	-142 816	3 940 578
Sum fordelt rammeområda (skjema 1B)	3 860 763	3 968 968	108 205	3 900 843

	Rekneskap 2019	Budsjett 2019	Avvik (B - R)	Rekneskap 2018
Sum budsjettavvik (mindreforbruk)	251 021	0	-251 021	39 735

Tabell 3

Frie disponible inntekter

Sum frie disponible inntekter er i 2019 inntektsført med 4 389,7 mill. kroner, som er 120,5 mill. kroner meir enn budsjettet og 191,2 mill. kroner meir enn rekneskapet i 2018.

Skatteinntektene var på 1 606,4 mill. kroner. Dette er ein vekst på 4,9 prosent frå året før, og 93,6 mill. kroner høgare enn budsjettet. Kommunesektorens organisasjon (KS) forklarer avviket i skatteanslaget med høge utbytteinntekter til personlige skatteytere, truleg som følge av tilpasningar til auka utbyttebeskatning. Det skal igjen ha gitt utslag i auka skatteinntekter for både kommunane og fylkeskommunane.

Rammetilskotet var på 2 745,3 mill. kroner inkl. skatteutjamninga. Dette er ein vekst på 5,7 prosent frå året før, og 26,3 mill. kroner høgare enn budsjettet. Dette skyldast i hovudsak auken i tunnelsikringsmidlane og skatteutjamninga (sjå forklaring under)

Rammetilskotet så lenge ut vil å verte lågare enn budsjettet i 2019, men den 11. desember 2019 vart det gjort kjent i brev frå Kommunaldepartementet at pga. ein feil i berekningsgrunnlaget for tunnelsikkerheitsforskrifta for 2020, så ville fylkeskommunen motta 70,833 mill. kroner i kompensasjon. Om lag 61 mill. kroner av desse vart utbetalt allereie i 2019 og førte til at rammetilskotet i 2019 auka tilsvarande. Dette er midlar som eigentleg skulle vorte mottatt i 2020.

Skatteutjamninga var om lag 37,6 mill. kroner lågare enn føresett i budsjett, og fører til ein reduksjon i rammetilskotet. Dette har samanheng med skatteinngangen i Møre og Romsdal fylkeskommune sett i samanheng med skatteinngangen i landet for øvrig.

Netto finansutgifter

Netto finansutgifter var på 278,2 mill. kroner, dvs. 20,3 mill. kroner lågare samanlikna med budsjettet. Dette skuldast høgare renteinntekter som følgje av betre likviditet, og noko høgare rentenivå enn føresett i budsjettet. Avkastninga på kapitalfondet var i 2019 på om lag 9,1 mill. kroner mot budsjettet 3,4 mill. kroner. I motsett retning vart renteutgiftene om lag 900 000 kroner høgare enn føresett i budsjettet.

Ufordelte utgifter/inntekter

For 2019 fekk fylkeskommunen ei auke på 2,0 mill. kroner knytt til premieavviket i forhold til budsjettet. Fylkeskommunen budsjetterer premieavviket etter oppgåver frå Statens pensjonskasse og KLP, og har ingen mogelegheit verken til å påverke eller på førehand sjå avvik i forhold til budsjettet.

Budsjettavvik på rammeområda

Fylkestinget har fordelt disponible frie inntekter på ti fylkestingsrammer utanom reservepost. Driftsbudsjettet blir vedtatt som nettorammer, og hovudutvala kan omdisponere mellom sine utvalsrammer. I resultatet for rammeområda inngår bruk av driftsmidlar til investeringar, bruk av avsetjingar frå tidlegare år og avsetjingar i året til bundne fond.

Netto utgifter på driftsrammene var samla på 3 860,8 mill. kroner, som er 108,2 mill. kroner lågare enn budsjettet (sjå tabell 4). Driftsrammene er redusert med 40 mill. kroner (1,0 prosent) frå 2018.

Driftsrammer

(i 1000 kroner)	Rekneskap 2019	Budsjett 2019	Avvik (B - R)	Rekneskap 2018
D01 Fellesutgifter og utgifter til fordeling	30 290	33 540	3 251	59 133
D02 Politisk verksemeld	27 285	27 861	576	25 959
D03 Stabsfunksjonar	165 746	172 555	6 809	132 840

	(i 1000 kroner)	Rekneskap 2019	Budsjett 2019	Avvik (B - R)	Rekneskap 2018
D04	Reservepost	0	19 469	19 469	0
D05	Vidaregående opplæring	1 715 063	1 769 063	54 000	1 700 437
D06	Fagskolane i Møre og Romsdal	15 274	18 013	2 739	13 574
D09	Tannhelsetenester	155 660	158 343	2 683	155 342
D10	Kulturtenester	131 528	133 245	1 717	130 623
D11	Regional- og næringsutvikling	100 378	106 213	5 835	100 653
D12	Samferdselstenester	1 512 985	1 522 098	9 113	1 574 766
D14	Sentrale kontrollorgan	6 555	8 568	2 013	7 516
SUM FORDELT TIL DRIFTSRAMMER		3 860 763	3 968 968	108 205	3 900 843

Tabell 4

Alle rammene viser eit mindreforbruk sett i forhold til budsjett.

Reserveposten har eit mindreforbruk på 19,5 mill. kroner. Av reserveposten disponerer fylkesutvalet 1,5 mill. kroner. Av dette står det udisponert 1,0 mill. kroner.

Det er disponert 18,5 mill. kroner mindre enn budsjettet på lønsreserveposten i 2019.

Dette skyldast at både årets lønsvekst og reguleringspremien til KLP vart lågare enn budsjettet. Vi budsjetterer reguleringspremien basert på oppgåve frå KLP, som vi får i september året forut for budsjettåret.

Vidaregåande opplæring har eit mindreforbruk på 54 mill. kroner sett i samanheng med budsjettet. Dette er ein auke i mindreforbruket på 46,4 mill. kroner frå prognose i Økonomirapport per 2. tertial 2019 (T-59.19). Grunnen til det store avviket skyldast i hovudsak svært konservativ prognosesetting frå skolane, noko som fører til underrapportering av et eventuelt meir- eller mindreforbruk. 19 av 23 skolane hadde eit mindreforbruk, medan 4 av skolane hadde eit meirforbruk. Dei 4 skolane må dekke inn meirforbruket i dei komande åra ved trekk i rammene. Skolane vil mellom anna sette inn innsparingstiltak som strengare bruk av vikarar og strengare kontroll med innkjøp og liknande.

Investeringsrekneskap

Investeringsrekneskapen hadde i 2019 eit samla finansieringsbehov på 1807,6 mill. kroner mot budsjettet 1 882,2 mill. kroner, dvs. 74,5 mill. kroner mindre enn budsjett (sjå tabell 5). Investeringane i anleggsmidlar (inkl. mva.) var på 1775,6 mill. kroner, som er 76,4 mill. kroner lågare enn budsjettet og 839,4 mill. kroner meir enn i 2018.

(i 1000 kroner)	Rekneskap 2019	Budsjett 2019	Avvik (B - R)	Rekneskap 2018
I02 - Sentrale styringsorgan/fellesutgifter	27 248	29 538	2 290	29 011
I03 - Vidaregående opplæring	117 612	139 260	21 648	145 450
I04 - Tannhelse	24 143	46 618	22 475	8 016
I07 - Samferdsel	1 604 359	1 632 990	28 631	741 790
I08 - Fagskolane i Møre og Romsdal	2 210	3 521	1 311	11 981
Investeringar i anleggsmidlar (inkl. mva)	1 775 573	1 851 927	76 354	936 248
Utlån, forskoteringar	832	0	-832	628
Aksjekjøp og andelar	4 843	30 250	25 407	6 505
Avsetjingar	26 398	0	-26 398	13 910

(i 1000 kroner)	Rekneskap 2019	Budsjett 2019	Avvik (B - R)	Rekneskap 2018
Årets finansieringsbehov	1 807 646	1 882 177	74 531	957 291
Bruk av lån	933 003	974 856	41 853	539 028
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	156	0	-156	109
Tilskot til investeringar	79 302	0	-79 302	14 807
Kompensasjon for meirverdiavgift	321 914	341 497	19 583	163 541
Mottatte avdrag på utlån og ref.	459 218	533 674	74 456	208 230
Andre inntekter	3 961	0	-3 961	1 676
Overført frå driftsrekneskapen	3 778	0	-3 778	17 527
Bruk av tidlegare års avsetjingar	6 314	32 150	25 836	12 373
Sum finansiering	1 807 646	1 882 177	74 531	957 291

Tabell 5

Nedanfor er nokon av dei største avvikene kommentert.

Vidaregåande opplæring har investert til saman om lag 117,6 mill. kroner i bygningsmassen i 2019. Prosjekta viser totalt eit mindreforbruk på om lag 21,6 mill. kroner. I hovudsak skyldast det meste av mindreforbruket ei forseinkning pga. ein vannlekkasje på Spjelkavik vidaregåande skole i mai 2019, medan Romsdal vidaregåande skole har noko arbeid igjen ved årsslutt før prosjektet kan slutførast.

Tannhelse har investert til saman om lag 24,1 mill. kroner i opprusting av klinikkar og tannlegeutstyr i 2019. Det er totalt eit mindreforbruk på investeringsprosjekta til tannhelse på 22,5 mill. kroner. Dette skyldast forseinkningar i høve til det som var føresett i budsjettet, og gjeld i hovudsak Kompetanseklivikk Hareid og Kompetanseklivikk Ålesund. På Hareid venter ein på å kome inn i dei nye lokalane, og ein har derfor valt å vente med å bestille utstyret. Dette vil skje i 2020. I Ålesund skyldast deler av avviket at budsjettet var estimert for stort, medan resten av avviket skyldast lang leveringstid på mobilt tannhelseutstyr.

Samferdsel har investert til saman om lag 1604,4 mill. kroner i 2019, som er gjev eit mindreforbruk på 28,6 mill. kroner. Av dette utgjer 1598,0 mill. kroner investeringar i fylkesvegar og 6,9 mill. kroner investeringar i ruteinformasjon, elektronisk billetteringsutstyr, sanntidsinformasjon og business intelligence/datavarehus. Avviket mellom budsjett og rekneskap skyldast i hovudsak periodiseringsavvik på prosjekta tilknytta Fylkesvegar og prosjekt Nordøyvegen:

Fylkesvegar er eit samlebegrep for alle prosjekt vedrørande fylkeskommunen sine fylkesvegar. Totalt hadde posten eit mindreforbruk på 61,6 mill. kroner i 2019. Dette skyldast i hovudsak:

- Mindreforbruk på «mindre utbetingar, ferjekaier», som skyldast skyldast periodiseringsavvik knytt til framdrift vedrørande prosjekta Sulapakken og Nordmørspakken.
- Mindreforbruk på «mindre utbetingar bruer», som skyldast periodiseringsavvik på vegliste-bruene og Jensholnbrua, samt eit varig mindreforbruk på Steinvågbrua.
- Meirforbruk på «mindre utbetingar tunnelar», som i hovudsak gjelder Fannefjordtunnelen. Fylkeskommunen og entreprenør er usamde om kva sluttoppgjerset skal vere, og det er framleis uklart kva den endelege kostnaden vil bli.
- I samanheng med vederlagsfrei overtaking av to vegprosjekt forskotert og utført av andre, er det i 2019 utgiftsført i investeringsrekneskapen og aktivert følgjande investeringar:
 - FV 135, omlegging ifm utbygging Ålesund Lufthavn 26 464 (tusen kroner)
 - Gang- og sykkelveg Giskemo - Amdam, Ørskog 26 272 (tusen kroner)
 - Totalt 52 736 (tusen kroner)
- Tilsvarande beløp, som over, er ført som inntekt under «overføringer» og «kompensasjon for meirverdiavgift» i investeringsrekneskapen, dette er derfor ikkje eit reelt meirforbruk. Rebudsjettert beløp på prosjekt 6B35 i 2020 er justert opp med 52,736 mill. kroner i høve til avviket.

Nordøyvegen

Prosjekt Nordøyvegen viser eit meirforbruk på 47,5 mill. kroner i 2019. Fakturering frå entreprenør har skjedd med ei raskare takt enn antatt og meirforbruket i 2019 vil bli dekt inn på budsjettet til prosjektet i 2020. Utover periodiseringssavviket så går prosjektet som planlagt innanfor gjeldande kostnadsramme gitt av fylkestinget.

Prosjektet vert følgt tett opp med rapportering og kontroll av prosjektansvarlig, prosjekteigar og Utbyggingsutval for bygg og vegsaker.

Prosjektadministrasjon vart frå 01.01.2020 flytta frå Statens vegvesen til fylkeskommunen, og prosjektet er no organisert i Vegavdelinga under Samferdsel.

Finansiering

Det er brukt 933,0 mill. kroner av lånemidlar til å finansiere investeringar i anleggsmidlar. Behaldninga av ubrukte lån er redusert frå 100,4 mill. kroner i 2018 til 69,4 mill. kroner ved utgangen av 2019.

Finansielle måltall

Formålet med finansielle måltall er å synleggjere kva som skal til for å ha ein sunn økonomi over tid. Møre og Romsdal fylkeskommune har følgande måltall som ein ønsker å sette fokus på.


Netto driftsresultat

TBU for kommunal og fylkeskommunal økonomi har anbefalt at fylkeskommunane bør ha eit måltall for netto driftsresultat på om lag 4 prosent (korrigert for bundne midlar) som ein buffer mot:

- svingingar i rentenivået, oljepris (drivstoffpris)
- kapitalslit (avskrivingar) - spesielt viktig sett i samanheng med fylkesreforma i 2010 (vedlikehaldsetterslep)
- for å bygge opp reserver til framtidige investeringar

Møre og Romsdal fylkeskommune hadde i 2019 eit netto driftsresultat korrigert for bundne midlar på 5,1 prosent av brutto driftsinntekter (sjå figur 1). I 2018 var andelen på 0,7 prosent, dvs. at vi har hatt ei positiv utvikling frå 2018 til 2019.

Netto driftsresultat korrigert for bundne fond - i prosent




Figur 1

Fylkeskommunen ligg dermed over eiga målsetjinga om eit netto driftsresultat årleg på om lag 2 prosent, i den komande 4-års periode, som er positivt. På den måten kan ein kan bygge opp reserver for auken i investeringsutgiftene (renter og avdrag) som kjem i 2022-2023. Om ein tek omsyn til tunnelsikringsmidlane som eigentleg gjeld 2020 (sjå pkt. 1,2 Rammetilskot) så vert måltalet på 4,5 prosent i 2019.

Disposisjonsfond

Den finansielle handlefridomen i drift kan styrkast gjennom å auke frie driftsfond/ disposisjonsfond, ved at fondsmidlane kan nyttast til dekke uventa meirutgifter i enkeltår. Størrelsen på disposisjonsfondet er eit uttrykk for kor stor økonomisk buffer fylkeskommunen har for den løpende drifta, og kor stor økonomisk handlefridom fylkeskommunen har i åra som kjem. TBU og Kommunenes Sentralforbund (KS) si anbefaling er at størrelsen på driftsfondet bør helst være minst 10 prosent av brutto driftsinntekter. Figur 2 viser utviklinga til disposisjonsfonda til Møre og Romsdal Fylkeskommune dei siste fem åra. Per 31.12.2019 var disposisjonsfondet på 9 prosent, mot 8 prosent i 2018.



Figur 2

Langsiktig lånegjeld og gjeldsgrad

Ved utgangen av 2019 var Møre og Romsdal fylkeskommune si lånegjeld på 5 761,0 mill. kroner. Dette er ei auke på 690 mill. kroner frå året før.

For å beregne den korrekte gjeldsgraden som fylkeskommunen kan bere, må vi korrigere for ekstraordinære inntekter som er spesielle for Møre og Romsdal fylkeskommune. Ferjeavløysingsmidlar er ei slik inntekt. Dette gir ein korrigert gjeldsgrad på 5 503 mill. kroner for 2019. Figur 3 nedanfor viser utviklinga i Møre og Romsdal fylkeskommune si lånegjeld frå 2015 til 2019. I denne perioden har lånegjelda vokse med 2,0 mrd. kroner, dvs. at den har vuka med 56 prosent på 5 år.

6000,0

5000,0

90 %

4000,0

3000,0

2000,0

1000,0

60 %

2015

2016

2017

2018

2019

Figur 3

Netto lånegjeld var ved utgangen av 2019 på 97 prosent av brutto driftsinntekter. KS og TBU, anbefaler at ei fylkeskommune bør ligg på omrent 60 prosent for å ha økonomisk handlerom til investeringar. Ei lånegjeld på over 90 prosent definerer dei som «rød sone». Då vil fylkeskommunen ha lite handlingsrom til investeringar.

Høg lånegjeld inneber at fylkeskommunen vil være økonomisk sårbar knytt til ein auke i lånerenta. Sjølv om rentenivået nå er historisk sett veldig lågt, må vi ikkje gløyme at det ikkje er mange år sidan nivået var eit heilt anna.

Oppsummering finansielle måltal

Netto driftsresultat og disposisjonsfonda nærmar seg anbefalt nivå gitt av Teknisk berekningsutval (TBU). Dette vil kome godt med sidan dei budsjetterte investeringane i den komande økonomiplanperioda 2020-2023 er berekna til heile 7,4 mrd. kroner. Dette vil føre til at fylkeskommunen ved utløpet av 2023 vil ha ein gjeldsgrad på om lag 139 prosent. I vedtaket til ny økonomiplan for 2020-2023 vart det vedtatt tiltak for å dekke dei auke investeringskostnadane, men Møre og Romsdal fylkeskommune vil likevel være svært sårbar for ein eventuell renteauke.

Handlingsprogram (hovudmål, resultatmål og måleindikatorar)

I 2019 var fyrste året at ein innlemma avdelingane sine handlingsprogram i økonomiplanen. Alle avdelingar fekk i oppgåve å knytte måleindikatorar til sine hovudmål og resultatmål. Måleindikatorane for 2019 og resultatet av disse vil ein finne i årsrapporten.

Tvistar

Fylkeskommunen har tre tvistesaker kor utfall er uavklart.

Møre og Romsdal fylkeskommune og entreprenør er usamde om kva sluttoppgjeret på Fannefjordtunnelen skal vere, og det er framleis uklart kva den endelige kostnaden vil bli. Dette er ei sak som har gått over fleire år, og hausten 2019 vart det forsøkt mekling utan at partane vart samde. Nå står det igjen å finne ei løysing i rettssystemet. Rettsaka er beramma til juni 2020.

Fylkeskommunen har mottatt krav frå Torghatten knytt til ekstra bemanning på ferjer. Partane er no i forhandlingar, og det er mogeleg at det kan bli ei avklaring i løpet av våren 2020.

Fylkeskommunen kan få ein ekstra kostnad knytt til at autopassbrikkar ikkje er teken i bruk som forutsatt i eit av sambanda i 2019. Fergeselskapa har varsle at dei vil krevje å få dekka kostnad til ekstra mannskap for billettering. Krav er ikkje motteken og beløp på krava er ukjende.

Likestilling, inkludering og mangfold

Tiltak som sikrar inkludering og deltaking for alle, er prioritert av fylkeskommunen. Universell utforming handlar om at alle skal kunne delta på ein likeverdig måte. Våre rådgivande utval; eldrerådet, ungdomspanelet og rådet for likestilling av funksjonshemma er viktige for å lykkast med dette. Desse har jamlege møte gjennom året og gir råd til utviklinga av fylkeskommunen.

På driftssida er det arbeidd med universell utforming av alle lokalar som tilbyr fylkeskommunale tenester, slik som dei vidaregåande skolane, tannhelseklinikkeane, trafikkterminalar og administrasjonsbygg.

Fylkesplan for Møre og Romsdal er overordna plandokument for all regional utvikling. Eit av resultatmåla er likestilling og inkludering med mål om reelle valmoglegheiter innanfor utdanning og arbeidsliv for alle.

All rekruttering til Møre og Romsdal Fylkeskommune skal legge vekt på likestilling mellom kjønn og mellom minoritetar og majoritetar i alle delar av organisasjonen.

Grunnlaget for vurdering i all rekruttering skal vere:

- Utdanning, kompetanse, erfaring, kjønn og mangfold, jf. Hovudtariffavtalen kap. 1, Lov om likestilling og forbod mot diskriminering.
- Likestilling og mangfold skal være ein del av vurderinga ved samansetting av team og organisasjon.

I rekrutteringsprosessen nemnes ikkje enkeltgrupper, men ved utlysinga av stillingar oppfordrar fylkeskommunen om at alle med relevant kompetanse er velkomne til å söke på alle stillingar. Leiatar med ansvar for rekrutteringa er også pålagt, og har ansvaret for, at all rekruttering er i tråd med krava i lova. Dette vert også poengtert ved tilsetting av nye leiatar.

Ved utgangen av 2019 var det i Møre og Romsdal fylkeskommune totalt 2 445 tilsette fordelt på 2 203 årsverk. Av desse var 1 487 kvinner (60,8 prosent) og 958 menn (39,2 prosent). Av totalt 8 toppleieande stillingar i fylkeskommunen, var det 3 kvinner og 5 menn. Kjønnsfordelinga mellom andre leiande stillingar i fylkeskommunen er på 51,4 prosent kvinner og 48,6 prosent.

Fylkeskommunen har som målsetjing at likt arbeid skal gi lik lønn uavhengig av kjønn.

HMS

Arbeidet med helse, miljø og sikkerheit (HMS) er eit leiarsvar som skal kanaliserast mest mogeleg gjennom kvalitetssystemet for HMS. Lokal HMS-dokumentasjon til alle verksemder i organisasjonen er tilgjengeleg for dei tilsette i alle driftseiningane gjennom fylkeskommunen sitt intranett.

Via faste årlege evalueringar av HMS-dokumentasjonen på einingane har vi dei siste åra sett ei stor betring av kvaliteten. I 2019 var det nær 86 prosent av dokumentasjonen som fyller krava. I avvikssystemet vart det i 2019 registrert 730 saker, 592 av desse var innan HMS-området. HMS-avvika vert følgt opp gjennom handlingsplanar.

Sjukefråveret i Møre og Romsdal fylkeskommune var på 5,8 prosent i 2019, som er 0,2 prosent høgare enn i 2018. Sjukefråveret vert rapport kvartalsvis lokalt og sentralt gjennom året, og samanlikna mot den enkelte eining si målsetjing. Ved større avvik vil den enkelte eining i samråd med Bedriftshelsetjenesta (BHT) vurdere å sette i verk tiltak.

Styring og kontroll

Fylkeskommunedirektøren er etter kommunelova pålagt å innrette verksemda på ein slik måte at den er underlagt ein forsvarleg kontroll. I det daglege har kvar direktør ansvar for å etablere og følge opp rutinar innanfor eigen avdeling som sikrar etterleving av lover og reglar. Fylkeskommunedirektøren har jevnlig møter (kvar 14 dag) med toppleiargruppa og stab. Fylkeskommunen har fleire system med faste rutinar, prosedyrar og planar for å sikre internkontroll i tenester og støtteprosessar.

Som ein del av prosjekt «Omstilling av organisasjonen mot 2020», så vart det oppretta eit underprosjekt ved namn «Verksemestrategi 2020». Prosjektet hadde oppstart møte i jan 2020 og skal utvikle ein heilheitleg verksemestrategi som tar opp i seg alt frå:

- Samfunnsoppdrag, visjon og verdigrunnlag
- Heilheitleg og berekraftig verksemestriving – herunder plan- og styringssystem fra regionale planstrategi med underliggende plandokumenter, prinsipper for verksemestriving (herunder intern kontroll) samt rapportering og resultativurdering
- Plattform for leiar- og medarbeidarskap
- Organisasjon- og tenesteutvikling
- Arbeidsmiljø og HMS

Det lagt opp til kvartalsvis rapportering av økonomien i fylkeskommunen. 2019 var fyrste året at handlingprogrammet var ein del av økonomiplanen til fylkeskommunen. Alle avdelingane har knytte resultatmål med måleindikatorar til hovudmåla sine, og har rapportert kvartalsvis til administrasjonen. I årsrapporten for 2019 vil ein finne meir informasjon om hovudmål, resultatmål og måleindikatorar og måloppnåinga i 2019.

Fylkeskommunedirektøren er også opptatt av å følge opp anbefalingane frå kontrollutvalet på bakgrunn av dei revisjonshandlingar og forvaltningsrevisionar som vart gjennomført i løpet av året. I 2019 starta kontrollutvalet ein gjennomgang av budsjett- og økonomistyringsprosessen i fylkeskommunen, som skal leggast fram i 2020. I tillegg er det planlagd ein gjennomgang av risikostyring og internkontroll, som skal ferdigstilla i løpet av hausten 2020.

Etiikk

I 2018 vedtok fylkestinget, etter ein brei prosess internt i fylkeskommunen, dei nye etiske retningslinjene. Desse legg eit godt grunnlag for forståing av kva som er god etisk praksis. Ein god etisk standard på alt vi gjer er avgjerande for at dei som tek i mot våre tenester, eller som vi samarbeider med, skal ha tillit til oss.

Det er gjennomgåande positive tilbakemeldingar på retningslinjene. Det blir mellom anna peika på at dei sett tydelege forventingar til alle tilsette i fylkeskommunen, og at dei blir opplevd som ryddige og eigna til bruk i arbeidskvardagen.

Utfordringane framover

Møre og Romsdal fylkeskommune vil ha store økonomiske utfordringar i åra som kjem. Dei viktigaste utfordringane kan vi summere opp slik:

- Aukande vedlikehaldsetterslep for investeringar og vedlikehald av fylkesvegnettet.
- Manglande statleg dekning av auka ferjekostnader(m.a. som følgje av overgangen til miljøteknologi)
- Omfattande behov for investeringar i ferjekaiar, som følgje av overgangen til miljøferjer
- Omfattande behov for investeringar i og vedlikehald av skolebygg.
- Etterleve tunnellsikkerheitsforskrifta.
- Aukande lånegjeld som belastar drifta.
- Utbygginga av Nordøyvegen.

Med bakgrunn i dei utfordringane som Møre og Romsdal fylkeskommune står overfor i komande økonomiplanperiode 2020-2023 (spesielt i åra 2022 og 2023), så vedtok Fylkestinget i desember 2019 betydelege tiltak for å redusere det samla kostnadsnivået.

Målsetjinga med tiltaka er at økonomien i Møre og Romsdal fylkeskommunen skal vere styrka nok til å bere dei aukande kostnadane i åra som kjem. Omstilling tek tid, og i dette arbeidet må fylkeskommunen ha eit langsiktig perspektiv. Nokre gevinstar kan hentast ut på kort sikt, medan andre krev arbeid over fleire år før dei kan realiserast.

Årsrekneskap

Økonomisk oversikt drift

(Tal i heile 1 000)

	Note	Rekneskap 2019	Rekneskap 2018	Endring 2018 - 2019
Brukarter		27 136	29 236	-2 100
Andre sals- og leigeinntekter	<u>18</u>	596 995	587 891	9 104
Kjøp av utstyr til kostpris over 100 000 kroner og som har ei økonomisk levetid på minst 3 år blir ført i investeringsrekneskapen og aktivert. Anleggsmidler blir avskrivne med like store årlege beløp over levetida. Avskrivingar blir rapportert i KOSTRA, men inngår ikkje i netto driftsresultat.

Løn til eigne tilsette

Løn til eigne tilsette er belasta investeringsprosjekt og aktivert med 5,0 mill. kroner (5,0 mill. kroner i 2018). Statens Vegvesen har belasta investeringar i fylkesvegar med 67,7 mill. kroner i kalkulatorisk løn (60,7 mill. kroner i 2018).

Byggjelånsrenter

For eit prosjekt (Nordøyvegprosjektet) er det aktivert byggjelånsrenter med 4,7 mill kroner i 2019. Øvrige investeringar er ikkje belasta med byggjelånsrenter. Det visast til rekneskapsprinsippa.

Nedskrivingar

Det er i 2019 gjort ei nedskriving på 3,3 mill (32,0 mill i 2018) av aktiverde planleggingskostnadars knytta til fylkesvegar for prosjekt som ikkje har finansiering i inneverande økonomiplanperiode og kor det er usikkerheit om eller når desse prosjekta vil starte opp.

Vederlagsfrei overtaking av vegprosjekt

I forbindelse med vederlagsfrei overtaking av to vegprosjekt forskotert og utført av andre er det i 2019 utgiftsført i investeringsrekneskapen og aktivert følgjande investeringar:

FV 135, omlegging ifm utbygging Ålesund Lufthavn	26 464
Gang- og sykkelveg Giskemo - Amdam, Ørskog	26 272
Totalt	52 736

Tilsvarande beløp er tilsaman ført som inntekt under "Overføringer" og "Kompensasjon for meirverdiavgift" i investeringsrekneskapen.

Note 10 Finansielle anleggsmidlar

Aksjar og andelar som er bestemt til varig eige og er næringspolitisk eller samfunnsmessig motivert samt utlån med løpetid utover eitt år, blir klassifisert som anleggsmidlar.

(Tal i heile 1 000)

Finansielle anleggsmidlar	2019	2018	Endring
Aksjar og andelar	120 757	115 944	4 813

Finansielle anleggsmidlar	2019	2018	Endring
Utlån	54 890	54 058	832
Sum finansielle anleggsmidlar	175 647	170 002	5 645

Aksjar og andelar

Org.nr.	Selskap	Total aksje-kapital	MRFK sin eigardel i %	Opprinnelig kostpris	(Tal i heile 1 000)	
					Bokført verdi 2019	Bokført verdi 2018
Heileigde aksjeselskapskap						
917 623 716	AS Kirkegaten 1 A	68	100 %	15 897	15 897	
996 345 084	Møre og Romsdal Utvikling AS	100	100 %	107	107	
889 280 662	Ocean Industry School AS	100	100 %	100	100	
981 320 018	Trafikkterminalen i Kristiansund AS	200	100 %	10 756	10 756	
IKS fylkeskommunen er medeigar i:						
989 633 902	GassROR IKS	1 200	11 %	200	200	
917 802 149	Møre og Romsdal Revisjon IKS	2 767	30 %	840	840	
893 276 882	Åknes/Tafjord Beredskap IKS	5 513	11 %	298	298	
982 330 459	Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS	0	21 %	0	0	
998 283 914	Vigo IKS	0	5 %	0	0	
Øvrige aksjar og andelar:						
938 708 606	KLP Eigenkapitalinnskot			47 783	47 783	1)
991 498 281	Akvainvest Møre og Romsdal AS	8 510	1 %	104	104	
930 569 046	AS Regionteateret i Møre og Romsdal	600	44 %	264	264	
919 635 657	Astero AS	1 195	31 %	370	370	
953 633 930	Atlanterhavstunnelen AS	9 639	21 %	2 050	2 050	
968 018 590	Braathallen AS	100	30 %	30	30	
818 299 982	Brisk Kompetansesenter AS	480	31 %	150	150	
986 606 890	Bølgen Invest AS	15 926	4 %	4 500	1 900	
820 693 922	Festspillene i Kristiansund AS	1 200	25 %	300	300	
966 091 118	Fjord Norge AS	4 150	9 %	370	370	
983 825 281	Fosnaporten AS	200	10 %	20	20	
923 994 149	Furene AS	283	11 %	30	30	
930 591 114	Fylkeshuset AS	100	51 %	51	51	
915 726 879	Geitbåt Eiendom AS	15 000	41 %	6 200	0	
996 199 665	Halsafjordsambandet AS	2 019	12 %	263	0	
939 743 863	Hareid Fastlandssamband AS	7 587	4 %	300	0	

Org.nr.	Selskap	Total aksje-kapital	MRFK sin eigardel i %	Opprinnelige kostpris	Bokført verdi 2019
923 766 553	Helseinnovasjonssenteret AS	600	25 %	150	150
991 237 313	Høgskolesenteret i Kristiansund AS	110	18 %	22	22
977 237 432	Imarfinans AS	102	13 %	13	13
986 399 445	Innovasjon Norge - innskuddskapital	19 600	3 %	505	505
866 818 452	Kommunekraft AS	320	0 %	1	1
886 281 692	Langfjordforbindelsen AS	10 714	22 %	2 331	0
985 615 462	Molde Lufthavnutvikling AS	18 590	1 %	240	240
961 721 652	Muritunet AS	14 343	22 %	3 200	3 200
913 581 628	Møbelkraft AS	5 262	38 %	2 000	0
923 746 552	Møre og Romsdal Revisjon SA	3 993	18 %	700	700
942 390 742	Møreaksen AS	7 403	20 %	1 500	0
991 436 502	Møreforskning AS	500	36 %	200	200
996 153 185	Nasjonalt Vindenergisenter Smøla AS	1 500	33 %	500	500
989 685 414	Nordic Light Event AS	2 000	36 %	1 650	1 290
967 715 328	Norsk Fjordsenter AS	3 840	41 %	5 700	2 390
992 524 685	Norsk Tindesenter Eiendom AS	25 000	32 %	10 100	10 100
963 886 705	Operaen i Kristiansund AS	1 410	29 %	820	820
981 036 093	Protomore Kunnskapspark AS	14 104	5 %	700	700
976 778 200	Riss Testlab AS	710	28 %	200	200
996 605 949	Rovdefjordsambandet AS	2 270	5 %	250	250
989 736 027	Runde Miljøbygg AS	5 500	26 %	3 900	3 225
987 410 752	Runde Miljøsenter AS	500	40 %	800	800
887 493 952	Samspleis AS	3 550	14 %	500	500
919 763 159	Svorka Energi AS	1 300	25 %	325	325
919 549 904	The North West AS	3 028	17 %	1 300	1 300
916 176 678	Tingvoll Økopark Eiendom AS	17 400	43 %	7 500	7 500
979 615 361	Tjeldbergodden Utvikling AS	2 209	4 %	500	500
991 323 848	Trollheim AS	1 060	38 %	100	100
918 337 679	Varde AS	1 370	20 %	270	270
935 162 718	Vegamot AS	3 150	33 %	1 050	1 050
981 575 679	ÅKP AS (tidl. Ålesund Kunnskapspark AS)	8 350	2 %	200	200
912 190 641	ÅKP Blue Innovation Arena AS	1 040	19 %	2 000	2 000
Diverse andelar				87	87
Sum aksjar og andelar				140 296	120 757

1) Eigenkapitalinnskot KLP i 2019: 3,7 mill. kroner.

Kommentarer:

Jamfør sak T66/17 går fylkeskommunen pr. 1.1.19 ut av sitt eigarskap i Tannhelsetjenestens Kompetansesenter Midt-Norge IKS. Det har ikke vært skutt inn andelskapital, kun tilskotskapital som er belasta rekneskapen løpende. Det er såleis ikke noen vinst eller tap ved utmeldinga.

Spjelkavik Arena AS blei avvikla i 2019. Oppgjer er utbetalt til fylkeskommunen i 2019.

Der hvor bokført verdi avviker fra opprinnelig kostpris er det gjort ei nedskrivning av verdien som følge av verdinedgang som ikke er forventa å være forbigående.

Det visast for øvrig til note 8. om kjøp og sal av aksjar og andelar i året.

Utlån

(Tal i heile 1 000)				
Org.nr.	Selskap/formål	2019	2018	Tilbakebet.
971 032 081	Statens Vegvesen - E39 Kvisvegen	6 247	6 247	2020
919 763 159	Svorka Energi AS - ansv. lån	10 000	10 000	2053
991 173 110	Møre og Romsdal Såkornfond AS	38 643	37 811	2022
Sum utlån per 31.12		54 890	54 058	

Opprente renter av utlån til Møre og Romsdal Såkornfond AS, 0,8 mill. kroner er i samsvar med inngått avtale lagt til hovudstolen og ført som utlån.

Note 11 Finansielle omløpsmidlar

Finansielt motiverte investeringar i verdipapir blir ført som omløpsmidlar.

(Tal i heile 1 000)				
Aktivaklasse	Marknads- verdi	Bokf. Verdi 2019	Årets res.førte verdiendr.	Anskaff. kost
Pengemarknadsfond	208 483	208 483	2 975	196 722
Aksjar	36 097	36 097	5 888	20 660
Obligasjonar	17 270	17 270	-210	17 389
Sum	261 850	261 850	8 653	234 771

Marknadsbaserte verdipapir (m.a. sertifikat, obligasjonar og aksjar) er klassifisert som omløpsmiddel og vurdert til verkeleg verdi. Verkeleg verdi er fastsatt til marknadsverdi pr. 31.12 i rekneskapsåret.

Note 12 Eigenkapital

12.1 Eigenkapitalkonti

(Tal i heile 1 000)					
	Saldo 01.01.2019	Avsett	Bruk i drift	Bruk i inv.	Saldo 31.12.2019
Mindreforbruk i driftsrekneskapen	39 735	251 021	39 735		251 021
Dispositionsfond	432 909	117 437	42 106		508 240
Bundne driftsfond	141 627	233 427	210 310	1 471	163 273
Ubundne investeringsfond	230 221	1		4 843	225 378

	Saldo 01.01.2019	Avsett	Bruk i drift	Bruk i inv.	Saldo 31.12.2019
Bundne investeringsfond	31 129	26 397			57 526
Fond	835 886	377 261	252 416	6 314	954 418
Endringar i rekneskapsprinsipp (drift)	-40 947				-40 947
Endringar i rekneskapsprinsipp (inv.)	-58 585				-58 585
Kapitalkonto	2 872 598	2 248 979	1 360 570		3 761 007
Sum	3 648 687	2 877 262	1 652 721	6 314	4 866 913

12.2 Disposisjonsfond - avsett og bruk i året

	Rekneskap 2019	Budsjett 2019	Avvik (B - R)	(Tal i heile 1 000) Rekneskap 2018
Regnskapsskjema 1A/2A:				
Netto avsett i driftsrekneskapen	117 437	117 437	0	115 490
Bruk i investeringsrekneskapen			0	
Bruk i driftsrekneskapen	-42 106	-42 106	0	-540
Regnskapsskjema 1B:				
D05 Vidaregåande opplæring			0	
D10 Kulturtenester			0	
D11 Regional og næring			0	-435
Sum avsett/bruk disposisjonsfond	75 331	75 331	0	114 515

12.3 Disposisjonsfond etter formål

	2019	2018	Endring 2018-2019	(Tal i heile 1 000) 2017
Felles - Infrastrukturfond	180 325	180 325	0	180 325
Felles - Driftsdel Kapitalfond	37 932	37 932	0	37 932
Felles - Felles disposisjonsfond	250 708	170 569	80 139	90 006
Felles - Avsetning Nordøyvegen	0	0	0	0
Felles - Skadefond	9 700	9 700	0	9 696
Felles - Havbruksfond	29 575	34 383	-4 808	0
D10 - Kulturfond		0	0	0
D11 - Interne løyingar av tiltaksfondet		0	0	435
D11 - Luftfartsstrategi		0	0	0
Sum disposisjonsfond	508 240	432 909	75 331	318 394

12.4 Bundne driftsfond - avsett og bruk i året

	Rekneskap 2019	Budsjett 2019	Avvik (B - R)	(Tal i heile 1 000) Rekneskap 2018
Regnskapsskjema 1A/2A:				

	Rekneskap 2019	Budsjett 2019	Avvik (B - R)	Rekneskap 2018
Netto avsett i driftsrekneskapen				0
Regnskapsskjema 1B:				
D03 Stabsfunksjonar				
Netto avsett i driftsrekneskapen	-633			1 233
D05 Vidaregåande opplæring				
Netto avsett i driftsrekneskapen	11 229	490	-10 739	13 560
Bruk i investeringsrekneskapen	-1 471		1 471	-1 969
D06 Fagskolane i Møre og Romsdal				
Netto avsett i driftsrekneskapen	759	0	-759	1 703
Bruk i investeringsrekneskapen	0	0	0	-870
D09 Tannhelsetenester				
Netto avsett i driftsrekneskapen		2 613		
D10 Kulturtenester				
Netto avsett i driftsrekneskapen	2 708	4 375	1 667	4 254
D11 Regional- og næringsutvikling				
Netto avsett i driftsrekneskapen	9 265		-9 265	1 477
D12 Samferdselstenester				
Netto avsett i driftsrekneskapen	-2 824		2 824	5 321
Netto avsetjing/bruk bundne driftsfond	21 646	4 865	-14 801	24 709

Bundne driftsfond består i all hovedsak av øyremerka statstilskot til ymse formål.

12.5 Investeringsfond

	Rekneskap 2019	Budsjett 2019	Avvik (B - R)	Rekneskap 2018
Bundne investeringsfond:				
Inngående balanse 1.1	31 129			20 337
Avsetjingar	26 397	0	-26 397	13 821
Bruk av bundne investeringsfond	0	0	0	-3 029
Utgående balanse 31.12	57 526			31 129
Ubundne investeringsfond:				
Inngående balanse 1.1	230 221			236 637
Avsetjingar	1	0	-1	89
Bruk ubundne investeringsfond	-4 844	-32 150	-27 306	-6 505
Utgående balanse 31.12	225 378			230 221

12.6 Finansfondet (sal kraftaksjar)

(Tal i heile 1 000)

	2019	2019	Endring 2017-2018	2017
Bank	22 879	25 302	-2 423	36 140
Pengemarknadsfond	73 504	70 954	2 550	69 579
Obligasjonsfond	17 270	16 103	1 167	13 522
Aksjefond	36 097	30 379	5 718	31 801
Sum plassering 1)	149 750	142 738	7 012	151 042
Driftsdel	37 932	37 932	0	37 932
UB Investeringsdel	105 471	105 471	0	105 471
Sum kapitalfond 1)	143 403	143 403	0	143 403

1) Differansen mellom fondet og plasserte midler i 2018, 6,3 mill. kroner, blir korrigert i 2020.

12.7 Prinsippendingringar som påverkar arbeidskapitalen

	(Tal i heile 1 000)		
	2019	2018	2017
Rest feriepengar 1992	58 585	58 585	58 585
Investeringsdel	58 585	58 585	58 585
Varelagre (sjukehus, apotek)	25 086	25 086	25 086
Renter påløpt 2000, betalt i 2001	20 661	20 661	20 661
Mva-kompensasjon for 1999	-12 845	-12 845	-12 845
Lærlingetilskot hausten 2001	8 045	8 045	8 045
Driftsdel	40 947	40 947	40 947

12.8 Kapitalkonto

Saldo på kapitalkonto viser kor stor del av anleggsmidla som ikkje er finansiert med gjeld.

	(Tal i heile 1 000)		
	Saldo 31.12.19	Saldo 31.12.18	Endring 2017-2018
Sum anleggsmidlar	12 813 332	11 138 540	1 674 792
- Pensjonsforplikting	3 360 423	3 294 419	66 004
- Langsiktig gjeld	5 761 339	5 071 962	689 377
+ Ubrukte lån	69 436	100 439	- 31 003
=Kapitalkonto	3 761 006	2 872 598	888 408

	(Tal i heile 1 000)		
	1.1.19 IB Kapitalkonto	2 872 598	
Debetpostar i året:			
Av- og nedskrivning av fast eigedom og anlegg	265 484	Aktivering av fast eigedom og anlegg	1 724 460

1.1.19 IB Kapitalkonto
2 872 598

Av- og nedskriving av utstyr, maskinar og transportmidlar	43 074	Aktivering av utstyr, maskinar og transportmidlar	51 113
Sal av utstyr, maskinar og transportmidlar	0		
Avgang aksjar og andelar	30	Kjøp av aksjar og andelar	1 150
Nedskriving av aksjar og andelar	0		
Avdrag på utlån	0	Aktivering eigenkapitalinnskot pensjonskasse	3 693
Bruk av midlar frå eksterne lån	933 003	Utlån	832
Auka pensjonforpliktingar	82 064	Avdrag på eksterne lån	212 624
		Auke pensjonsmidlar	202 131
		Arbeidsgjevaravgift av netto reduksjon pensjonsforpliktingar	16 060
Sum debet	1 323 655	Sum kredit	2 212 064
		31.12.19 UB Kapitalkonto	3 761 006

Note 13 Langsiktig lånegjeld, avdrag og renter på lån

13.1 Tilgang og bruk av lånemidlar

(Tal i heile 1 000)

	2019	2018	2017	2016
Danske Bank - sertifikatlån				
Den Norske Bank - sertifikatlån	242 000			
Sparebank 1 - sertifikatlån		250 000		
KBN Kommunalbanken	660 000	462 085	401 100	
KLP Kommunekredit AS - serielån		-147 085	109 400	578 000
Fræna kommune - vegforskotering		-10 703		0
Herøy kommune - vegforskotering		-18 800		18 800
Sula kommune			21 700	
Aure kommune		16 570		
Sum Tilgang	902 000	552 067	532 200	596 800
Inntektsført i investeringsrekneskapen	933 003	539 028	469 631	635 012
Tilbakebetalte vegforskoteringar (refinansiert)				
Sum Bruk	933 003	539 028	469 631	635 012
Endring ubrukte lån	-31 003	13 039	62 569	-38 212

I 2019 er det tatt opp tre nye lån i Kommunalbanken og eit sertifikatlån i Den Norske Bank. I tillegg er det refinansiert eit lån i Kommunalbanken. Lån som ikkje er brukt er ført på memoriakonto med saldo 69,1 mill. kroner per 31.12.2019, ei nedgang på 31 mill frå 2018.

13.2 Endring i lånegjeld

(Tal i heile 1 000)

	2019	2018	2017	2016
Lånegjeld 01.01	5 071 962	4 731 759	4 395 746	3 981 258
Nye lån ekskl. forskoteringar	902 000	565 000	510 500	578 000
Nye forskoteringar	0	16 570	21 700	18 800
Tilbakebetalte forskoteringar (refinans.)	0	-29 503		
Tilbakebetalte forskoteringar avdrag drift)	-23 050	-21 390	-21 150	-20 900
Betalte avdrag på innlån (driftsrekneskapen)	-189 574	-190 474	-175 037	-161 412
Lånegjeld 31.12	5 761 339	5 071 962	4 731 759	4 395 746
Årets rentekostnad	111 381	97 266	93 480	92 151
	Endring 2018-2019		Endring 2017-2018	
Endring i lånegjeld	689 377	14,6 %	340 203	7,7 %
Betalte avdrag på lån (eks. forskoteringar)	-900	-0,5 %	15 437	8,8 %
Årets rentekostnad	14 115	14,5 %	3 786	4,1 %

Per 31.12.19 var lånegjelda 5 761,3 mill. kroner, det er ein auke på 689,4 mill. kroner frå året før. I perioden 01.01.16 - 31.12.19 auka lånegjelta med 1 365,6 mill. kroner, ei auke på 31,1%. Betalte avdrag på gjeld utanom forskoteringar gjekk ned frå 190,5 mill. kroner i 2018 til 189,6 mill. kroner i 2019. Tilbakebetaling av forskoteringar til Imarfinans AS og Atlanterhavstunnelen AS er ført som avdrag. Påløpte netto renter på lånegjeld var i 2018 111,4 mill. kroner, det er ei vekst på 14,5% frå året før.

13.3 Lånegjeld fordelt på kreditorar

	(Tal i heile 1 000)			
	2019	Andel	2018	Andel
Kommunalbanken AS	2 772 825	48,1 %	2 091 004	41,2 %
Kommunal Landspensjonskasse	1 228 987	21,3 %	1 396 939	27,5 %
KLP Kommunekredit AS	448 597	7,8 %	476 439	9,4 %
Sum Bank/kredittinstitusjonar	4 450 409	77,2 %	3 964 382	78,2 %
Sparebank 1 SMN	510 000	8,9 %	685 000	13,5 %
Den Norske Bank	688 500	12,0 %	287 100	5,7 %
Sum Sertifikatlån	1 198 500	20,8 %	972 100	19,2 %
Sum Vegforskoteringar, sjå note 13.6	112 430	2,0 %	135 480	2,7 %
Sum Lånegjeld per 31.12.	5 761 339	100,0 %	5 071 962	100,0 %

Sertifikatlån forfell i løpet av året men skal reknast som langsiktig gjeld. I 2020 må fylkeskommunen ut i lånemarknaden å refinansiere ca 1,2 mrd. kroner. I tillegg er det budsjettert med 1,7 mrd. kroner i nye lån, slik at fylkeskommunen må ut i lånemarknaden med i alt 2,9 mrd. kroner.

13.4 Renter

	(Tal i heile 1 000)			
Rentebinding	2019	Andel	2018	Andel
Rentefrie lån (forskoteringar)	112 430	2,0 %	135 480	2,7 %
Mindre enn 1 år	3 548 473	61,6 %	3 283 935	64,7 %
2 - 3 år	466 832	8,1 %	325 600	6,4 %

Rentebinding	2019	Andel	2018	Andel
4 - 5 år	102 107	1,8 %	317 176	6,3 %
6 - 8 år	924 223	16,0 %	512 305	10,1 %
Over 8 år	607 273	10,5 %	497 466	9,8 %
	5 761 339	100,0 %	5 071 962	100,0 %

Det blir ikkje betalt renter på vegforskoteringar. Gjennomsnittleg vekta rentesats per 31.12.19 er 2,38% mot 2,12% året før. Gjennomsnittleg vekta renteløpetid per 31.12.19 er 2,56 år mot 2,3 året før. Per 31.12.19 var det ikkje inngått rentebytteavtaler.

Rentekompensasjon	(Tal i heile 1 000)		
	Ber.grl. 01.01.2019	Ber.grl. 31.12.2019	Årets rentekomp.
Investeringar i skolebygg	230 687	205 367	2 631
Investeringar i fylkesvegar	1 110 700	1 067 000	16 636

Staten kompenserer ein del av renteutgiftene knytt til nybygg og utbetring av skolebygg og investeringar i fylkesvegar. Tilskotta er basert på låneramme og rentesats fastsett av staten.

13.5 Minste lovlege avdrag

Kommunelova har krav om kor mykje avdrag på langsiktig gjeld som minst skal betalast i året. Reglane bygger på eit prinsipp om at det skal vere samanheng mellom levetida på eigedelar av varig verdi og gjennomsnittleg avdragstid på lånegjelda. I dag kan både vektmodellen (regnearkmodellen) og ein enklare metode nyttast. I NOU 2016:4 Ny kommunelov er det foreslått at vektmodellen ikkje lenger kan nyttast.

	(Tal i heile 1 000)			
	2019	2018	2017	2016
Varige driftsmidlar per 1.1	8 119 800	7 493 890	7 072 501	6 436 107
Lånegjeld (LG) 1.1.	5 071 962	4 731 759	4 395 746	3 981 258
LG i % av varige driftsmidlar	62,5 %	63,1 %	62,2 %	61,9 %
Avskrivningar i året	304 426	278 866	255 752	232 277
Betalt avdrag i året	212 624	211 864	196 186	182 312
av dette tilbakebetalte forskoteringar	23 050	21 390	21 150	20 900
Vekta restlevetid, ("forenkla metode")	27	27	28	28
Minste avdrag	190 157	176 080	158 957	143 682

13.6 Forskoteringar fylkesvegar

Forskottert av	FT-vedtak	Vedtatt forskot.	(Tal i heile 1 000)		
			Gjeld per 31.12.2019	Rest forskot.	Planlagt tilbakebet.
Imarfinans AS, vegreform 2010			52 390		2022

Forskottert av	FT-vedtak	Vedtatt forskot.	Gjeld per 31.12.2019	Rest forskot.	Planlagt tilbakebet.
Atlanterhavstunnelen AS, vegreform 2010			21 770		2024
Ørskog kommune, Fv 650 Amdam-Giskemo	T-17/13	21 000		21 000	2023
Sula kommune, Fv 61 Furneskrysset	T-14/16	21 700	21 700		2023
Haram kommune, Fv 659 Miljøgate Brattvåg	T-19/16	5 500		5 500	
Aure kommune, Fv 680, Kjørsvikbugen	T-49/17	15 000	16 570	-1 570	2022
		63 200	112 430	26 500	

Ifølge retningslinjer for forskotering av fylkesvegar vedtatt av fylkestinget i sak T-32/10, skal forskoteringar refunderast utan kompensasjon for prisstigning og renter.

Note 14 Garantiansvar

Fylkeskommunen kan gi garantiar med heimel i Kommunelova § 51 og forskrift om kommunale og fylkeskommunale garantiar fastsett av Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Selskap med garantiansvar blir vurdert i årleg melding til fylkestinget om oppfølging av fylkeskommunen sine interesser i selskap og føretak. I meldinga for 2018, sak T-60/19, er det lagt til grunn at selskapa kan betene gjelda.

Fylkeskommunen har i løpet av rekneskapsåret ikkje fått krav om å innfri garantiar eller dekke tap.

Låntakar	Långjevar	Garantiplikt 31.12.2018	(Tal i heile 1 000) Garanti går ut
Imarfinans AS	Kommunalbanken	40 344	2022
Atlanterhavstunnelen AS	KLP Kreditt AS	201 751	2027
Samspleis	KLP	36 005	2032
Trollheim Vekst AS	KLP Kreditt AS	33	2020
AS Regionteatret i Møre og Romsdal	Kommunalbanken	30 865	2051
AS Regionteatret i Møre og Romsdal	Kommunalbanken	14 612	2027
Eksportvegen AS (Tresfjordbrua)	Kommunalbanken	542 000	2030
Muritunet AS	Kommunalbanken	8 993	2042
Muritunet AS	Kommunalbanken	4 205	2042
Stift. Molde Intern. Jazzfestival	Kommunalbanken	11 460	2050
Stift. Molde Intern. Jazzfestival	Kommunalbanken	5 459	2027
Stift. Romsdalsmuseet	Kommunalbanken	36 555	2042
Norsk Tindesenter Eiendom AS	Kommunalbanken	9 286	2045
Tingvoll Økopark Eiendom AS	Kommunalbanken	2 196	2040
Sum garantiansvar		943 764	

Fylkestinget vedtok i sak T- 89/16 å stille sjølvskyldnargaranti på samla 525 mill. kroner for lån som bompengeselskapet tar opp til finansiering av Nordøyvegen. Garantien gjeld frå første opptrekk og gjennom innkrevjingsperioden på 20 år. Fylkestinget vedtok i sak T- 81/19 å stille sjølvskyldnargaranti på 720 mill kroner, med tillegg av 10% av til ei kvar tid gjeldande hovudstol til dekking av renter og omkostningar, samla 800 mill. for lån som bompengeselskapet tar opp til finansiering av Nordøyvegen. Garantien gjeld frå første opptrekk og gjennom innkrevjingsperioden på 25 år. Dette vedtaket erstattar tidlegare vedtak i T-89/16 om ein selvskyldnarkausjon på 525 mill.

I forbindelse med skifte av juridisk eining frå Eksportvegen AS til Vegamot AS har fylkestinget i sak T - 104/19 vedteke å stille sjølvskyldnargaranti begrensa oppad til 545 mill med tillegg av inntil 10 % av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekking av påløpte renter og omkostningar, samla 600 mill. kroner.

Fylkestinget vedtok i sak T-16/18 å stille sjølvskyldnargaranti på samla 1 190 mill. kroner for lån som bompengeselskapet tar opp til finansiering av ny E39 Lønset - Hjelset. Garantien gjeld frå første opptrekk og gjennom innkrevjingsperioden på 15 år.

I tillegg til dei ovanståande garantiar har Møre og Romsdal fylkeskommune stilt garantiar for rentebytteavtalar knytta til hovedstol for enkelte av låna.

Note 15 Leigeavtalar

Rest leigetid per 31.12.2019	Under 3 år	3 - 5 år	5 - 10 år	Over 10 år	(Tal i heile 1 000)
Utdanningsformål	18 674	936	5 767	5 769	31 146
Tannklinikkar	3 886	4 668	608	4 826	13 988
Sum årleg leige	22 560	5 604	6 375	10 595	45 134

Fylkeskommunen har løpende avtale med Fylkeshuset AS om leige av administrasjonslokale. Årleg leigekostnad er for tida 18,2 millioner kroner.

Note 16 Ikkje rekneskapsførte forpliktingar

Fylkestinget har vedteken å gi årlige driftstilskot til å dekke renter og avdrag til andres investeringar.

	Sak	Avtale	Oppr. lånegjeld	Rest per 31.12.2018	Rest per 31.12.2017
Teateret Vårt AS (Plassen)	T-sak 13/09	13.09.2018	21 840	14 612	16 085
Moldejazz (Plassen)	T-sak 13/09	13.03.2018	8 160	5 459	6 010
Stiftelsen Romsdalsmuseet	T-sak 43/13	17.12.2013	48 500	34 621	35 767
Forplikting (noverdi)			78 500	54 692	57 862

I sak T-13/09 er det gjort vedtak om å dekke renter og avdrag over 15 år (fram til 2025) på eit lån på totalt 30 mill, knytt til finansiering av kulturhuset Plassen for Teatret Vårt AS og Stiftelsen Molde International Jazz Festival. Skriftelege avtaler om dei ekstraordinære driftstilskota vart utarbeida og signert i 2018. Tilskotet er begrensa oppad til 2,89 mill. kroner pr. år. Det er betalt ut forskot på tilskot og resterande tilskot utgjer inntil 17,34 mill. kroner.

Det er inngått avtale med Stiftelsen Romsdalsmuseet om årleg tilskot i 30 år (fram til 2042) som skal dekke renter og avdrag på eit lån på 48,5 mill. kroner. Resterande forpliktelser utgjer avdrag på 34,621 mill. kroner, med tillegg av faktiske rentekostnadar fram til lånet er nedbetalt.

Note 17 Årsverk/tilstette

	2019	2018	2017	2016	Endring 2018-2019
Tal på årsverk totalt	2 203	2 252	2 272	2 241	-49
Kvinner	1 487	1 514	1 506	1 470	-27
Menn	958	1 002	1 036	1 046	-44
Tal på tilsette totalt	2 445	2 516	2 542	2 516	-71
Tal på årsverk, delstillingar	473	489	504	517	-16
Kvinner	516	538	559	564	-22
Menn	199	215	215	227	-16
Tal på tilsette i delstillingar	715	753	774	791	-38
Tal på kvinner i leiande stillingar	3	3	2	2	0
Tal på menn i leiande stillingar	5	5	6	7	0
Andel tilsette kvinner	60,8 %	60,2 %	59,2 %	58,4 %	38,0 %
Andel kvinner i deltidsstillingar	72,2 %	71,4 %	72,2 %	71,3 %	57,9 %
Andel kvinner i leiande stillingar	37,5 %	37,5 %	25,0 %	22,2 %	0,0 %

Som leiande stillingar er her rekna fylkesrådmann, assisterende fylkesrådmann, kontrollsjef og leiarane for tenesteområda samferdsel, utdanning, regional og næring, kultur og tannhelse.

Note 18 Spesifikasjon av driftspostar

	Rekneskap 2019	Budsjett 2019	Avvik (B - R)	Rekneskap 2018	(Tal i heile 1 000)
Andre sals- og leigeinntekter:					
Inntekter kantine, kost mv vidaregåande skole	27 022	25 808	1 214	25 131	
Inntekter elevarbeid mv vidaregåande skole	2 403	1 973	430	2 826	
Sal av kurs mv	4 729	704	4 025	5 052	
Sal av konsesjonskraft	14 139	11 885	2 254	14 270	1)
Husleigeinntekter	13 487	13 150	337	12 743	
Kollektivinntekter buss og hurtigbåt	279 964	297 910	-17 946	275 115	2)
Kollektivinntekter ferge	206 644	222 042	-15 398	204 799	3)
Ymse andre inntekter	48 607	41 658	6 949	47 955	
Sum	596 995	615 130	-18 135	587 891	

1) Fylkeskommunen har rettigheter på konsesjonskraft. Det som ikkje blir benytta i eigen virksomhet blir solgt. Tafjord Marked AS handterer sal av konsesjonskraft for fylkeskommunen. Brutto sal av konsesjonskraft er ført under rekneskapslinja Andre sals- og leigeinntekter, mens det er budsjettert med netto sal på 5 mill under rekneskapslinja Andre overføringer. I 2019 er netto sal berekna til

7,2 mill, mot 7,0 mill i 2018, og ført under Andre overføringer medan motpost er belasta på rekneskapslinja Fordelte utgifter. For 2020 er det ikkje budsjettert med sal av konsesjonskraft. Fylkeskommunen vil på grunn av kommunenesammanslåing miste størsteparten av konsesjonskrafta, og vil ikkje ha overskotskraft å selje.

2) Kollektivinntekter buss og hurtigbåt består i hovudsak av sal av billettar til persontrafikk.

3) Kollektivinntekter ferge består av både persontrafikk og næringstrafikk.

Note 19 Resultatoppstilling pasientbehandling tannhelse

Helse- og omsorgsdepartementet har gitt Forskrift om krav til føring av adskilte rekneskap mv. som gjeld frå 2015. Etter § 5 i forskriften skal det utarbeidast resultatoppstilling for dei ulike delane av tannhelsetenesta:

- Tenester som tilbys heilt eller delvis vederlagsfritt etter lov om tannhelsetenester
- Tenester som tilbys vaksne mot betaling i område utan anna tilstrekkeleg tilbod
- Tenester som tilbys vaksne om betaling i område med konkurranse frå private tenesteytarar.

Gruppe b er vurdert å ikkje vere aktuell for tannhelsetenesten i Møre og Romsdal.

Direkte utgifter er delt på grunnlag av kor stor del betalande pasientar utgjer av samla behandla pasientar. I 2019 var andelen 11,4 prosent. Øvrige utgifter er delt med utgangspunkt i kor stor del av netto driftsutgifter (utanom avskrivningar) tannhelse utgjer av netto driftsutgifter på rammeområda samla.

Resultat pasientbehandling tannhelse

	2019	2019	2018	2018
	Gruppe a	Gruppe c	Gruppe a	Gruppe c
Direkte inntekter	8 462	21 447	6 594	23 725
Direkte utgifter	164 584	21 177	162 137	23 374
Indirekte utgifter	10 358	401	10 472	425
Kapitalkostnader	4 541	584	3 716	536
Resultat	-171 022	-715	-169 731	-610

I 2018 og 2019 har Fylkestannlegen hatt ei nedgang i betalande pasientar, dette har gitt seg utslag i eit underskot på dei betalande pasientane.

Note 20 Usikre forpliktingar

Sluttoppgjer for arbeidet med rehabilitering av Fannefjordtunnelen vart belasta rekneskapen i 2016. Møre og Romsdal fylkeskommune og entreprenør er usamde om beløpets størrelse, og det er framleis uklart kva løysing det blir.

Fylkeskommunen har fått krav på om lag 16 mill. kroner frå Torghatten knytt til ekstra bemanning. Det er ikkje einighet om kravet og status er uklar.

Fylkeskommunen kan få ei ekstra kostnad knytta til at Autopassbrikke ikkje er teken i bruk som forutsett i eit av sambanda i 2019. Fergeselskapa har varsla at dei vil kreve å få dekka kostnad til ekstra mannskap for bilettering. Krav er ikkje motteken og beløp på kravet er ukjend.

Melding frå uavhengig revisor

Møre og Romsdal fylkeskommune sin revisor er Møre og Romsdal Revision SA. [Melding frå uavhengig revisor for 2019](#) finn du her.

Styring og kontroll

Fylkesrådmannen er etter kommunelova pålagt å innrette verksemda på ein slik måte at den er underlagt ein forsvarleg kontroll. I det daglege har kvar avdelingssjef ansvar for å etablere og følge opp rutinar innanfor eigen sektor som sikrar etterleving av lover og reglar. Eit av tiltaka for å følge opp dette er fylkeskommunedirektørene sine faste møte med toppleiargruppa og stab kvar 14 dag. I fylkeskommunen har vi fleire system med faste rutinar, prosedyrar og planar for å sikre internkontroll i tenester og støtteprosessar.

Beredskap

I samband med overføringa av fylkesvegoppgåver, har vi også fått nye oppgåver innan beredskap. Fylkesrådmannen har difor anskaffa CIM som er ein digital løysing for heilsakeleg styring av tryggleik og beredskap.

Fylkeskommunen har med heimel i forskrift om sivil transportberedskap eit ansvar for å organisere den regionale transportberedskapen, og skal legge til rette for at det er ein transportberedskap ved ekstraordinære krisehendingar i fredstid og i krig. Saman med aktørane har fylkeskommunen utarbeida transportberedskapsplanen som viser ansvaret og rutinane fylkeskommunen har for å ivareta pliktene sine innanfor transportberedskapen.

Gjennomgang av budsjett og økonomistyringa

Fylkeskommunedirektøren er også opptatt av å følge opp anbefalingane frå kontrollutvalet på bakgrunn av dei revisjonshandlingar og forvaltningsrevisionar som vart gjennomført i løpet av året. I 2019 starta kontrollutvalet ein gjennomgang av budsjett- og økonomistyringsprosessen i fylkeskommunen, som skal leggast fram i 2020. I tillegg er det planlagd ein gjennomgang av risikostyring og internkontroll, som skal ferdigstilla i løpet av hausten 2020.

Delegasjonsreglement

Det er starta opp arbeid med delegasjonsreglement, og dette vil bli lagt fram for fylkestinget i løpet av 2020.

Omstilling 2020

I prosjekt omstilling 2020 har eit av delprosjekta vore å utvikle og tilpasse ein verksemestrategi. Dette er no samla i eit større prosjekt, og arbeidet med nytt felles plan- og kvalitetssystem skjer samtidig med at vi held på å utarbeide ny regional planstrategi og ny fylkesplan. Eit felles styringssystem skal og bygge på arbeidet som organisasjonen no gjer med gevinstrealisering, digitalisering og ny arbeidsgivarpolitikk.

Etikk

I 2018 vedtok fylkestinget, etter ein brei prosess internt i fylkeskommunen, dei nye etiske retningslinjene. Desse legg eit godt grunnlag for forståing av kva som er god etisk praksis. Ein god etisk standard på alt vi gjer er avgjerande for at dei som tek i mot våre tenester, eller som vi samarbeider med, skal ha tillit til oss.

Det er gjennomgående positive tilbakemeldingar på retningslinjene. Det blir mellom anna peika på at dei sett tydelege forventingar til alle tilsette i fylkeskommunen, og at dei blir opplevd som ryddige og eigna til bruk i arbeidskvardagen.

Utfordringar framover

Møre og Romsdal fylkeskommune vil ha store økonomiske utfordringar i åra som kjem. Dei viktigaste utfordringane kan vi summere opp slik:

- Aukande vedlikehaldsetterslep for investeringar og vedlikehald av fylkesvegnettet.
- Manglande statleg dekning av auka ferjekostnader(m.a. som følgje av overgangen til miljøteknologi)
- Omfattande behov for investeringar i ferjekaier, som følgje av overgangen til miljøferjer
- Omfattande behov for investeringar i og vedlikehald av skolebygg.
- Etterleve tunnelsikkerheitsforskrifta.
- Aukande lånegjeld som belastar drifta.
- Utbygginga av Nordøyvegen.

Med bakgrunn i dei utfordringane som Møre og Romsdal fylkeskommune står overfor i komande økonomiplanperiode 2020-2023 (spesielt i åra 2022 og 2023), så vedtok Fylkestinget i desember 2019 betydelege tiltak for å redusere det samla kostnadsnivået.

Målsetjinga med tiltaka er at økonomien i Møre og Romsdal fylkeskommunen skal vere styrka nok til å bere dei aukande kostnadane i åra som kjem. Omstilling tek tid, og i dette arbeidet må fylkeskommunen ha eit langsiktig perspektiv. Nokre gevinstar kan hentast ut på kort sikt, medan andre krev arbeid over fleire år før dei kan realiserast.

Utdanning

2019 var prega av forbetringar på fleire område i sektoren. Heile 87,9 prosent av dei som starta på vidaregåande skole i 2018, fullførte og besto skoleåret i 2019. Vi har arbeidd systematisk for eit godt og trygt læringsmiljø for elevar og lærlingar, slik at flest mogeleg får godt utbytte av opplæringa. Elevane i Møre og Romsdal er dei som er mest på skolen og det er færrest som sluttar. Gjennom godt samarbeid med arbeidslivet i fylket vart det inngått fleire lærekontraktar enn nokon gong før.

Fylkeskommunen har om lag 2 500 lærlingar og 10 000 elevar og studentar, fordelt på 23 vidaregåande skolar og 2 fagskolar.

Visste du at elevane i Møre og Romsdal er blant dei med lågaste fråvær?

Resultat og aktivitetar

Du kan lese heile resultatvurderinga i sak U-52/20

Dette leverte vi i 2019:

Måleindikator	Mål for 2019	Resultat for 2019
Møre og Romsdal skal ha betre gjennomføring i vidaregående opplæring		
Elevar som har fullført og bestått skoleåret	86,7 %	87,9 %
Elevar som har slutta i løpet av skoleåret	3,1 %	3,0%
Fråvær elevar	4,5 %	4,8 %
Elevdemokrati og medverknad	3,5	3,5
Mestring	4,0	4,0
Trivsel	4,2	4,2
Gjennomføring av vidaregåande opplæring i løpet av 5 år	76,6 %	76,3 %
Greidd fag-/sveineprøve	96,0 %	95,0 %
Første kursønske innfridd ungdomsrett	90,0 %	88,0 %
Del av elevar frå vg2 yrkesfag som søker lærekontrakt skal få ønsket oppfylt	90,0 %	73,0 %
Auke i talet på inngåtte lærekontraktar	1 300	1 342
Karriererettleiingstenesta for vaksne - rettleiingssamtalar	500	710

Dette jobba vi med i 2019:

- Kunnskapsløftet blir fornya og Kunnskapsløftet 2020 blir innført skoleåret 2020-21. I 2019 var førebuing til innføring av nytt lærerplanverk tema på alle samlingar og møte for skoleleirarar, og i dei faglege nettverka. I kunnskapsløftet 2020 er det veklagt at skolen skal vere eit profesjonsfagleg fellesskap.
- Det er nulltoleranse mot mobbing i dei vidaregåande skolane. I 2019 innførte vi eit elektronisk varslingssystem mot mobbing.

- Alle dei vidaregåande skolane i Møre og Romsdal har danna eige innsatsteam mot mobbing, som skal bestå av personar med spisskompetanse innan førebyggande tiltak og handtering av oppstårte mobbesaker. Innsatseama har fått opplæring i 2019, saman med Pedagogisk-Psykologisk teneste.
- Møre og Romsdal fylkeskommune deltek i eit nasjonalt pilotprosjekt, IKTplan.no, saman med Utdanningsdirektoratet, som ein av to fylkeskommunar. Deltakinga er ein del av oppfølging av arbeidet med digitaliseringssstrategi for grunnopplæringen 2017-2021 og læreplanarbeid og grunnleggande ferdigheter i alle fag.
- I arbeidet med å skaffe fleire læreplassar gjennomførte vi ein kampanje for å auke interessa for yrkesfaga. I tillegg har fylkeskommunen i 2019 tilsett tre rådgivarar som skal arbeide for å auke talet på elevar som får læreplass.
- Omfang og tilbod innan vidaregåande opplæring for vaksne var på same nivå i 2019 som tidlegare år. Gruppa med vaksne som har behov for tilbod har endra seg noko som gjer at vi må tilby meir omfattande opplæringsløp enn tidlegare. Vi har etablert eit godt samarbeid med NAV og enkeltkommunar om meir omfattande oppfølging og tilrettelegging av praksis, slik at deltakarene har større sjanse til å nå ønska sluttkompetanse.
- Det blei gjort vedtak om at Fagskolen i Møre og Romsdal blir samla i ein organisasjon med ein felles rektor.

Mobbeombod og elev- og lærlingombod

Mobbeombod

Mobbeombodet skal følge barn og unge i heile utdanningsløpet frå barnehage til og med grunnskole. Oppgåvane til mobbeombodet er å støtte og rettleie barn, elevar og foreldre i saker om psykososialt miljø, jobbe førebyggande med informasjon og opplæring til barn, elevar og foreldre og skape dialog og bidra til god tverrfagleg oppfølging etter at saker er handtert.

Elev- og lærlingombod

Elev- og lærlingombodet er til for å sikre unge sine rettar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal. Ombodet skal hjelpe elevar og lærlingar om dei har spørsmål eller utfordringar knytt til vidaregåande opplæring på skole eller i bedrift. Elev- og lærlingombodet er mobbeombod for elevar og lærlingar i vidaregåande opplæring. Dette er eit gratis og uforpliktande tilbod for alle i vidaregåande opplæring.

[Du kan lese meir om mobbeombodet og elev- og lærlingombodet på nettsidene våre.](#)

Økonomi

Utdanningssektoren hadde ei samla driftsramme på 1 787 mill. kroner, der 1 430 mill. kroner var lønn (inkl. sosiale utgifter) til tilsette i sektoren. Totalt har sektoren eit samla mindreforbruk på 56,7 mill. kroner. Dei vidaregåande skolane hadde eit samla mindreforbruk på 53,2 mill. kroner, men fire av 23 vidaregåande skolar hadde eit meirforbruk. Fagskolane inkl. fagskolestyret hadde eit mindreforbruk på 2,7 mill. kroner. Når det gjeld dei andre rammene under utdanning, viser vi til rekneskapen for detaljar.

Satsingar i 2020

Vi skal:

- auke talet på elevar og lærlingar som gjennomfører vidaregåande opplæring til 79 prosent i løpet av 5 år
- sørge for at talet på elevar som sluttar ikkje skal vere over fire prosent
- arbeide for at elevdemokrati og medverknad i 2020 skal ha ein score på minst 3,5 i elevundersøkinga
- arbeide for at 90 prosent av elevane frå vg2-yrkesfag, som primært søker lærekontrakt, skal få ønsket sitt oppfylt
- utvikle Fagskolen i Møre og Romsdal som ein felles organisasjon som tilbyr fagutdanning som fyller arbeidslivet sitt behov for fagkompetanse i regionen

Samferdsel

Fylkeskommunen har ansvaret for over 20 mill. kollektivreiser i året, fordelt mellom buss (11,9 mill.), ferje (9,1 mill.) og båt (580 000). 20 av 24 ferjesamband i fylket er fylkeskommunale. Dei fylkeskommunale sambanda blir trafikkert av 27 hovudfartøy, og har stoppestad på 57 ferjekaiar. Fylkeskommunen ansvaret for i overkant av 3200 km veg, det vil seie om lag 47 prosent av vegnettet i fylket. Det var 61 tunnelar og om lag 1100 bruer og berande konstruksjonar på det fylkeskommunale vegnettet i 2019.

Resultat og aktivitetar

Du kan lese heile resultatvurderinga i sak U-52/20

Dette leverte vi i 2019:

Måleindikator	Mål for 2019	Resultat for 2019
Kollektivandelen skal aukast, og tilbodet skal vere attraktivt, effektivt og tilpassa kundegrunnlaget		
Auke talet på busspassasjerar - heile fylket	2,5 %	2,4 %
Auke talet på busspasasjerar (Ålesund, Giske og Sula)	4,5 %	3,1 %
Kundetilfredsheit - for kundar som reiser kollektivt meir enn ein gong per mnd	68,0 %	50 %
Moglegheitene i ferjetrafikken skal utnyttast og tilbodet skal ha tilpassa kapasitet og enkle betalingsløysingar		
Autopass på sambandet Hareid - Sulesund	Ja	Nei
Transportsystemet skal utviklast og haldast ved like, samt vere effektivt, tilgjengeleg og trafiksikkert for alle typar trafikantar		
Ferdigstilt utbedring av ferjekai Sykkylven - Magerholm	Ja	Ja
Oppfylling av krav i driftskontrakter - del av kontrakter med planlagd stikkprøver	95 %	88 %
Oppfylling av krav i driftskontrakter - gjennomførte kontrollar utan manglar	97 %	63 %
Forholdet mellom talet på utførte stikkprøver og stikkprøver angitt i kontrollplan (SVV)	95 %	125 %
Frekvens for entreprisedriften (F-verdi)	<=50	140
Nestenulykkefrekvens for entreprisedriften (N-verdi)	>1 000	1 095
Personskadefrekvens for entreprisedriften (H2-verdi)	<=15,0	10,4
Fraværskadefrekvens for entreprisedriften (H1-verdi)	<=5,0	3,4

Måleindikator	Mål for 2019	Resultat for 2019
Transportsektoren skal omstilla mot eit samfunn med lågutslepp og overgang til fornybar energi, og negative miljøkonsekvensar skal minimaliseraast		
Mål om Co2-utslepp Hareid- Sulesund	12 500	0
Transportulykker med drepne og hardt skadde skal reduserast ytterlegare		
Barnehageprosjekt "Sikring av barn i bil" - besøk barnehagar	10	10
Barneteateret "Ville veier og vrangske skilt"	10	10
Trygg Trafikk i skolene - skolebesøk	2	2
team #- Trafikktryggingsprosjekt for ungdom	48	48
Gang- og sykkelvegnett skal byggast ut som eit verkemiddel for betre framkomme, trafiksikring, folkehelse og klima		
Gjennomføring og fullføring av prosjekt gang- og sykkelvegar	6	0

Dette jobba vi med i 2019:

- Med miljøvenlege driftsavtalar på ferje og buss, har vi fortsett arbeidet med å redusere miljøskadelege utslepp.
- Ved utgangen av 2019 har fylkeskommunen inngått kontrakt om miljøferjer på totalt 10 ferjesamband og 16 ferjer.
- januar 2019 begynte ordninga med AutoPASS-betaling å gjelde for ferjestrekningane. [Les meir om AutoPASS på frammr.no](#)
- Fylkeskommunen samarbeider med SINTEF, NTNU, Ålesund og Kristiansund kommune i prosjektet «Smartere Transport i Norge». Prosjektet ser på løysingar for eit framtidssikret system for sjøvegs kollektivtransport med autonome passasjerbåtar i byar.
- Møre og Romsdal fylkeskommune er ein av partnerane i pilotprosjektet «Batterielektrisk hurtigbåt mellom Langevåg og Ålesund» gjennom Grønt Skipsfartsprogram.
- Vi gjekk inn ein ny busskontrakt for Ålesund, Giske og Sula. Den nye kontrakten skal starte opp i 2021 og omfattar ma. elektriske bussar og leddbussar.
- [Travel like the locals](#) er no etablert reiselivsprodukt som strekk seg langs hele vestlandskysten. I Møre og Romsdal vart det seld i overkant av 6000 billettar i 2019.
- Møre og Romsdal fylkeskommunen har i 2019 fått gjennomført ei oppdatert kartlegging av etterslep på fylkesveg. Kartlegginga viser at vedlikehaldsetterslepet i Møre og Romsdal no er på om lag 10,9 mrd. kroner inkl. veglysanlegg. fylkeskommunen arbeider opp mot nasjonale myndigheter for at det blir oppretta eigne program for å ta igjen vedlikehaldsetterslepet på fylkesveg og at kompensasjon for iverksetjing av krav i tunnelsikkerheitsforskrifta blir vidareført og auka.
- I 2019 er utbetring av ferjekaiene i Sulapakken (Sykkylven – Magerholm og Hareid – Sulesund) ferdigstilt. Ferjekaiene i Nordmørspakken (Sandvika – Edøy og Seivika – Tømmervåg) er under arbeid og vil bli ferdig i løpet av 2020.
- Steinvågbrua i Ålesund blei ferdig rehabiliterert i 2019. Fleire mindre bruer er også utbetra i 2019.
- Fylkeskommunen har i samarbeid med Innovasjon Norge og Leverandørutviklingsprogrammet starta eit prosjekt for å finne ein meir effektiv og mindre kostbar måte å handtere vedlikehald og bygging av bruer på i tida framover.
- Vi laga sykkelparkering på ni ferjekaiar/haldeplassar i 2019: fv. 64 ved Hagelin (Kr.sund), fv. 60 Aursneset ferjekai (Sykkylven), fv. 658 holdeplass ved Ytterland (Giske), fv. 661 haldeplass ved Digernes (Skodje), fv. 680 ved Seivika ferjekai (Kr.sund), fv. 680 ved Tømmervåg ferjekai (Aure), fv. 662 ved Hollingsholm ferjekai (Aukra) og fv. 64 haldeplass Eide.
- Fylkeskommunen sitt største vegprosjekt nokon sinne, Nordøyvegen, starta opp for fullt i 2019. I 2019 er det bora og sprengt 3,8 av totalt 12,9 km tunnel, samt utført store delar av pele- og fundamentarbeid for bruer og vegfyllingar. Du kan lese meir om prosjektet på [mrlyke.no/nordoyvegen](#)

Økonomi

I 2019 brukte vi om lag 1,6 mrd. kroner til drift av kollektivtrafikken og fylkesvegane i Møre og Romsdal.

Kollektivtrafikk

Fylkesvegferjer	402 mill. kroner
Bussdrift	417 mill. kroner
Hurtigbåtar	127 mill. kroner
Totalt	945 mill kroner

I tillegg har fylkeskommunen om lag 594 mill. kroner i inntekter som i stor grad blir brukt til kollektivtenester.

Fylkesveg

Drift av fylkesvegar kosta vel 454 mill. kroner. Dette er fordelt på drift og vedlikehald.

På vedlikehald gjekk 79 mill. kroner til dekkelegging og oppmerking, vel 29 mill. til bru og ferjekai.

Det vart brukt om lag 1,6 mrd. kroner til investering på samferdselsområdet. Det aller meste er knytt til fylkesvegar: Nordøyvegen, rassikring og nybygg/rehabilitering

Satsingar i 2020

- Vere ein effektiv og tydeleg vegeigar med god eigarstyring. Fylkesvegadministrasjonen er overført frå Statens vegvesen til fylkeskommunen frå 1.1.20. Det blir viktig at administrasjon og drift av fylkesvegnettet fungerer frå start.
- Nye informasjons-, betalings- og bestillingsløysingar i kollektivtrafikken
- Vidareutvikle Fram Flexx
- Planlegging av vegnett og tilstøytande areal skal gi trafikantane auka tryggleik
- Redusere miljøskadeleg utslepp frå transportsektoren vesentleg gjennom nye og eksisterande driftsavtalar på ferje, buss og hurtigbåt

Kultur

Kunnskapsgrunnlag og kompetansebygging har vore sentrale fokusområde for kultur i 2019. Det er innhenta kunnskapsgrunnlag innanfor bibliotek, kulturelle og kreative næringer, anleggsutvikling, kulturarv og frivillighet. Desse har ført til fleire store og tverrgåande forskings- og utviklingsprosjekt som vil gå over dei neste 10 åra. Eksempel på kompetansebygging er kurs for frivillig sektor og leiarutviklingsprogram i folkebiblioteka i kommunane.

Visste du vi 2019 har behandla om lag 1000 søknader om økonomisk støtte?

Resultat og aktivitetar

Du kan lese heile resultatvurderinga i sak U-52/20

Dette leverte vi i 2019:

Måleindikator	Mål for 2019	Resultat for 2019
Frivillige lag og organisasjonar skal skape mangfold og engasjement i lokalsamfunna		
Alle fylkeskommunale tilskot på ramme 57 er tildelt innan utgangen av september 2019	Ja	Ja
Utvikle, formidle og ta vare på kulturarven som kjelde til oppleveling, kunnskap og bruk		
Prosjekt "Ein bit av historia" -innhenting av eksterne midlar	2,0	1,65
Plan for etablering av eit kystpilgrimssenter i Møre og Romsdal	Ja	Ja
Kunst og kulturformidlinga skal vere allsidig, kunnskapsbasert, av høg kvalitet for alle		
Salg av billettar til DKS-opplevelingar (Den kulturelle Skolesekken)	46 000	99 000
Kulturrabatt for ungdom -refundering av billettar	20 000	13 042
UKM- fylkesfestival skal vere blant dei fem største i landet	5	3
Auke i talet på deltagarar innanfor felta visuell kunst og film på UKM-fylkesfestival	20 %	17 %
Arrangere Fylkeskulturkonferanse med tema barn og unge	80	90
Nærmiljø og lokalsamfunn skal fremme god psykisk og fysisk helse		

Måleindikator	Mål for 2019	Resultat for 2019
Møre og Romsdal skal vere blant dei 10 fylka med høgast tildeling av spelemidlar til anlegg for idrett og fys. aktivitet	10	6
Godkjente mottekne søknader om spelemidlar skal minst vere:	80 %	84 %
Talet på godkjente søknader som har fått tildelt midlar	45 %	54 %
Biblioteka skal vere aktive formidlarar av kunnskap og kultur, ein uavhengig møteplass og debattarena		
Leiarutviklingsprogram for kommunale bibliotekleiarar er gjennomført	15	18
Det er gjennomført minst eitt kurs i nye formidlingsformer for bibliotektilsette	1	2
Bibliotekdagane er gjennomført, med deltaking frå alle kommunane	35	25

Dette jobba vi med i 2019:

- Verkemidla på kulturområdet stimulerer til ønska samfunnsutvikling og gode kulturtilbod til innbyggjarane. I 2019 er det arbeidd systematisk for å bevare og styrke rammevilkåra til kunst- og kulturinstitusjonar, frivillige lag og organisasjonar.
- Møre og Romsdal skal vere eit inkluderande samfunn der det blir lagt til rette for like moglegeheit for alle å delta i kulturlivet. I 2019 er det prioritert psykisk helse, rusførebyggande arbeid og tilkomst til kulturarrangement (tilgjengelighetsmerke).
- Eldresatsinga gir dei eldre ei tydleg stemme i samfunnsdebatten. Dei vil vere ein viktig ressurs i utvikling av gode samfunn i åra som kjem. I 2019 er det gjennomført opplæring av nye representantar i eldrerådet. Eldrekonferansen hadde 116 deltagarar med overordna tema "Leve heile livet".
- Vedtatt ny sjekkliste for ung kunst og kultur i Møre og Romsdal. Den har ti sjekkpunkt for evaluering av det offentlege sitt arbeid med kunst og kultur for, av og med barn og unge.
- Resultata frå ringverknadsanalysen på kulturområdet viser at fylket sine kunst og kulturinstitusjonar bidreg til samfunnsbygging og økonomisk verdiskaping i kulturelt og tradisjonelt næringsliv.
- Fylkeskommunen har i 2019 førebudd seg på nye oppgåver som følgje av regionreforma med verknad frå 2020. Dette gjeld fagområda friluftsliv, folkehelse, kulturminnevern og frisklivsentralar. Frå 2021 kjem det ytterlegare oppgåver frå kulturdepartementet.
- I 2019 har vi fortsett arbeidet med å systematisere og modernisere kulturhistoriske arkiv. Fleire arkiv er digitalisert, det er utarbeidd arkivplan og det er etablert ein pilot knytt til innsyn som kan integrerast med nasjonale løysingar.
- Tilstandsregistreringar knytt til Postvegen er gjennomført i Stranda, Ørskog, Vestnes, Surnadal, Tingvoll. Arbeidet har starta opp i Molde og Gjemnes. Det er eit mål at restaureringa skal finansierast gjennom løyve i Nasjonal transportplan.
- Det er starta utgreiing i samarbeid med Høgskulesenteret i Kristiansund (HIKSU) og Campus Kristiansund om kulturutdanning ved Campus i 2022.
- Som deltagar i eit fleirårig nasjonalt program for folkehelse i kommunane, fekk fylkeskommunen tildelt 2,43 mill. kroner for 2019 til satsinga med tema «Frå utanforskaps til innanforskaps». Midlane blir tildelt gode prosjekt i kommunane.

Visste du at morotur.no i 2019 hadde 740 000 sidevisningar?

Økonomi

Netto driftsramme til kultur var på 132,07 mill. kroner. Av desse var 91,82 mill. kroner brukt til kulturtilskot. I tillegg til driftsramma forvalta avdelinga statlege verkemidlar på 118,22 mill. kroner til regionalt utviklingsarbeid. Mellom anna:

- 103,35 mill. kroner i tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, lokale kulturbygg, Kultursekk i grunnskule og vidaregåande skule.
- 3,9 mill. kroner til tilrettelegging og sikring av friluftsområde
- 5,9 mill. kroner til fredag bygg og anlegg og verdsarv
- 1 mill. kroner til verdiskapingsprosjektet «Ein bit av historia»
- 1,64 mill. kroner i mindre prosjekttildskot (Nasjonalbiblioteket, Riksantikvaren (BARK/BERG), Norsk Sjømatråd (Fiskesprell)
- 2,43 mill. kroner til folkehelseprogrammet – «frå utanforsk til innanforsk»

I tillegg har avdelinga inntekter knytt til Kultursekkjen, Møremusikarordninga og arkeologi på omlag 16,25 mill. kroner.

Satsingar i 2020

Vi skal:

- vedta temaplan for utvikling og styring av frivilleg sektor i Møre og Romsdal
- arbeide for etablering av kunstfagleg utdanning ved Campus Kristiansund
- fremje inkludering og mangfold i kunst- og kulturlivet

Regional- og næringsutvikling

I 2019 hadde vi merksemد på å auke kunnskapen om berekraftig bruk av marine ressursar. Vi arbeidde for å bygge forskingsinfrastruktur på Nordmøre. Vi tok grep for å få avstemme utdanningstilbodet opp mot behova i arbeidslivet. Vi har arbeidd for å styrke attraktiviteten til byane og tettstadane, og vi har arbeidd for å sikre kraftforsyning til regionen. I tillegg har vi tildelt midlar til utviklingsprosjekt som igjen har løyst ut tre gongar så store verdiar frå andre samarbeidspartar i regionen.

Visste du at vi frå 2020 har vårt eige regionale forskingsfond (RFF) i Møre og Romsdal?

Resultat og aktivitetar

Du kan lese heile resultatvurderinga i sak U-52/20

Dette leverte vi i 2019

Måleindikator	Mål for 2019	Resultat for 2019
Multiplikatoreffekt på samla investeringar i utviklingsprosjekt i Møre & Romsdal	3,0	2,9
Tilslagsprosent på søknader om ekstern støtte til prosj. frå nasj. og int. utlysingar	80 %	88 %
Møre og Romsdal skal ha attraktive byregionar og tettstadar		
Utløyste investeringar gjennom tildeling av 25 mill. kroner i «Byen som regional motor»	75,0	78,3
Nye og vidareførte samarbeidsprosjekt mellom dei tre byane	5	4
Tettstader der fylkeskommunen er involvert i utviklingsprosjekt	8	11
Møre og Romsdal skal ha eit internasjonalt konkurransedyktig næringsliv		
Etablerarar som har gjennomført kompetanseprogram gjennom hoppid.no	700	409
Innvilga søknader om forskingsbaserte innovasjonsprosjekt frå kommunar og bedrifter frå MobPro og RFF	27	42
Møre og Romsdal skal ha levande lokalsamfunn med lokalt forankra næringsliv og gode bu- og oppvekstmiljø		

Måleindikator	Mål for 2019	Resultat for 2019
Mobilisering: Tal søknader om forskingsbaserte innovasjonsprosjekt fra kommunane til MobPro og RFF	12	6
Nye husstandar som har fått tilbod om breiband på minst 30 Mbit, i område utan kommersiell utbygging	1 000	1 163
Møre og Romsdal skal ha berekraftig bruk av naturressursane		
Tal på kommunar som er omfatta av interkommunale sjøarealplaner i fylket	19	16

Dette jobba vi med i 2019

- Gründerutvikling: hoppid.no har fått ny, digital plattform og alle rådgivarane ute i kommunane har fått opplæring. Vi samarbeider også med andre land om å betre samhandling mellom offentlege gründertenester.
- Vi etablerte «Kompetansealliansen» for Møre og Romsdal, eit samarbeid mellom representantar frå arbeids- og næringslivet, utdanningsinstitusjonane og fylkeskommunen. Målet er å avstemme utdanningstilbodet opp mot kompetansebehovet i arbeidslivet.
- Vi har gitt støtte til å utvikle forskingsmiljø og forskingsinfrastruktur på Nordmøre. Bedrifter og kommunar i fylket har fått 18,4 mill. kroner i støtte til forskingsprosjekt.
- Opplevingsfylket: festival, kokke-stipend og fagdag for elevar ved restaurant- og matfag. Saman med vestlandsfylka arrangerte vi også nasjonal cruisekonferanse i Bergen.
- Utvikling av smarte byar: I kjølvatnet av prosjektet Byen som regional motor har Ålesund, Molde og Kristiansund blitt tatt opp i FNs program for utvikling av smarte og berekraftige byar.
- Attraktive tettstadar: Det vart fullført parallelloppdrag for Sjøholt, Elnesvågen og Tingvoll, der arkitektmiljø, lokalbefolking, kommune og handelsnæring drøfta idear og la planar for framtida.
- For å få bukt med marin forsøpling, arbeider vi med ein plaststrategi i lag med dei andre vestlandsfylka.
- Vi arrangerte nasjonal sjøplankonferanse for om lag 200 deltagarar frå kommunar, fylkeskommunar, statlege sektormyndigheter, nærings- og interesseorganisasjonar. Tema for konferansen var konfliktar i kystsona og god planlegging.
- Næringsutvikling i det grøne skiftet: vi har arrangert seminar, kurs og workshops om potensialet for industrialisering/komersialisering av algedyrking. Tilsvarande på produksjon og bruk av hydrogen. Vi har arbeidd målretta for ei sikrare kraftforsyning ut til eksisterande og nye næringar.
- Vi har førebudd oss på nye oppgåver som kom i forbindelse med regionreforma og som trødde i kraft frå 2020. Dette gjeld mellom anna oppgåver innan landbruk, forsking, breiband og næringsutvikling.

Visste du at støtte frå fylkeskommunen bidrog til at Norske Tindevgleiarar (Nortind) bestemte seg for å etablere Norges Høgfjellskole i Åndalsnes?

Økonomi

Regional og næringsavdelinga hadde i økonomiplan 2019 ei driftsramme på 108,3 mill. kroner. Av denne er 63,7 mill. kroner i støtte til byutvikling, forskingsutvikling, organisasjonar og reiseliv. Fylkeskommunalt tiltaksfond, som går til utviklingsprosjekt i fylket, utgjorde 13,2 mill. kroner. Inklusive tidlegare overføringer har vi eit mindreforbruk på 7,7 mill. kroner, men 4,7 mill. kroner av dette er disponert gjennom politiske vedtak, men har enno ikkje blitt utbetalt. Det betyr at det reelle mindreforbruket er 3 mill. kroner

Satsingar i 2020

- Auke tilfanget av nyetableringer med stort nyskapings- og vekstpotensial gjennom den digitale rettleiingstenesta «Gründervegen».
- Fortsette satsinga på «Reiseliv, mat og kultur» slik at Møre og Romsdal skal bli opplevingsfylke nr. 1 i Norge.
- Vidareutvikle Kompetansealliansen som møteplass mellom utdanningsmiljø og arbeidsliv for å utvikle arbeidslivsretta utdanningstilbod.
- Styrke kunnskapsgrunnlaget om sjøområda i fylket, gjennom marine grunnkart, kartlegging av marin natur og interkommunale sjøarealplanar.
- Lyse ut 20 mill. kroner til forskingsprosjekt i bedrifter og kommunar gjennom MobPro og Regionalt forskingsfond Møre og Romsdal.
- Lyse ut 23 mill. kroner til utviklingsprosjekt i Ålesund, Molde og Kristiansund gjennom prosjektet «Byen som regional motor».

Tannhelse

Den offentlege tannhelsetenesta har drive helsefremmende og førebyggande arbeid og gitt gratis tannbehandling til barn og unge, psykisk utviklingshemma, eldre og uføre i institusjon og heimesjukepleie og personar i kommunal og statleg rusomsorg. Med fokus på kvalitet og pasientsikkerheit er hovudoppgåva vår å medverke til livslang god tannhelse. Vi er organisert i fire kompetanseregionar med til saman 35 distrikttannklinikkar.

Visste du at nær kvar tredje innbyggjar i fylket får oppfølging av den offentlege tannhelsetenesta?

Resultat og aktivitetar

Du kan lese heile resultatvurderinga i sak U-52/20

Dette leverte vi i 2019

Måleindikator	Mål for 2019	Resultat for 2019
Hovedmål 1. Vi skal medverke til å oppretthalde livslang god tannhelse		
Dekningsgrad: Barn og ungdom 1-18 år (de siste 3 år)	97 %	97,9%
Dekningsgrad: Psykisk utviklingshemma over 18 år (de siste 3 år)	95 %	95,6%
Dekningsgrad: Eldre og uføre i institusjon (de siste 3 år)	90 %	87%
Dekningsgrad: Eldre og uføre i heimesjukepleie (de siste 3 år)	65 %	76,1%
Dekningsgrad: Ungdom 19-20 år (de siste 3 år)	70 %	78,7%
Behandling av narkosepasientar innan 3 mnd	65 %	52%
Andel kariesfrie 5-åringar	82 %	82,4%
Andel kariesfrie 12-åringar	60 %	57,6%
Andel kariesfrie 18-åringar	27 %	21,6%
Hovedmål 3. Sikre tilgjenge til kvalitativt gode og stabile tenester innanfor rimelig reiseavstand		
Kjøp av ambulant tannlegeutstyr - 2 per region (4 regionar)	4	0
Hovedmål 4. Samarbeide med anna helseteneste, utvikle gode løysingar for komp.bygging		

Måleindikator	Mål for 2019	Resultat for 2019
Førebyggande arbeid utanfor klinikkane (timar)	1500	2359

Dette jobba vi med i 2019

- Tannhelsetenesta hadde tilsyn med, og gav tannbehandling til 69 898 innbyggjarar.
- Den største gruppa er barn og unge 3-18 år med 50 054 personar under tilsyn.
- Av vaksne betalande pasientar, får 8 456 personar oppfølging av den offentlege tannhelsetenesta
- Tenesta hadde i 2019 god måloppnåing for dei prioriterte gruppene. 98% av barn og unge, og 87% av eldre og uføre i institusjon er under tilsyn.
- Tannhelsetilstanden for barn og unge, målt i førekost av karies, har betra seg for årskulla 12- og 18-åringar. 5-åringar hadde ein liten nedgang.
- Vi jobba målretta med førebyggande tannhelsearbeidet i barnehagar, skolar og helseinstitusjonar. Det har vore ei auke frå 1872 timar i 2018 til 2359 timar i 2019.
- Ålesund kompetansekllinikk opna i mai 2019. Klinikken inneheld totalt 22 behandlingsrom fordelt på 1500 m² i nye og moderne lokale midt i Ålesund sentrum.
- Det er tilsett spesialist i barnetannpleie ved Ålesund kompetansekllinikk.

Visste du at ungdom som fyller 19 eller 20 år i behandlingsåret har rett til 75% prisreduksjon på tannbehandling ved offentleg tannklinikk?

Økonomi

Tannhelsetenesta har over ein lengre periode hatt svake driftsresultat og underskot som følge av ei underfinansiering. Driftsrammene gjer det nødvendig å halde omlag 15 årsverk vakante. Konsekvensen er at mange av klinikkane i periodar står utan eit behandlingstilbod. Gjennom «Omstilling 2020» er det skissert tiltak for å redusere talet på klinikkeiningar for å sikre fullfinansiering av ein fagleg robust og rekrutterande tenestestruktur. Tenesta hadde i 2019 ei driftsramme på 158,3 mill. kroner og eit mindreforbruk på 2,7 mill. kroner. Mindreforbruket skuldast i hovudsak vakante stillingar og høgare honorarintekter enn budsjettet.

Satsingar i 2020

- Sette i verk ny strategiplan for folkehelsearbeidet i tannhelsetenesta. Fokus på opplæring i oral helse til kommunalt helse- og omsorgspersonell og målrette tiltak og følge opp barn og unge med høg risiko for tannsjukdom.
- Prøve ut flyttbart tannlegeutstyr i helseinstitusjonar gjennom pilotprosjekt i alle kompetanseregionar.
- Ta i bruk ny diagnostisk teknologi med 3D-røntgen og digital krone-/broframstilling ved kompetansekllinikken i Ålesund
- Sette i verk ny avtale med Helse Møre og Romsdal om kjøp av narkosetenester ved alle fire sjukehusa i fylket.
- Følge opp «Omstilling 2020» med organisasjonsutviklingstiltak for å sikre befolkninga eit føreseieleg tannhelsetilbod i stabile og attraktive fagmiljø.

Plan og analyse

Vi har starta arbeidet med å lage ein ny regional planstrategi, og eit breitt spekter av aktørar har diskutert og gitt innspel til kva som er dei største utfordringane og moglegheitene for fylket. Vi ser at planaktiviteten i kommunane er den same som året før, medan stadig fleire spør etter statistikk, analysar og karttenester, særleg kommunane. Vi har hatt regien på prosjekta Campus Kristiansund og Møre og Romsdal mot 2025 som har begge ført til betre regionalt samarbeid.

Vi har behandla 1 116 saker i 2019?

Dette har vi jobba med i 2019

Regional planlegging

Den regionale planlegginga følger fylkestingsperiodane, og 2019 har vore eit år med stor aktivitet. Vi har utarbeidd eit kunnskapsgrunnlag som viser utfordringar og moglegheiter i fylket i planperioden. Vi har gjennomført ein brei medverknadsprosess både internt og eksternt og fått vedtatt Planprogrammet for ny regional planstrategi (RPS) og fylkesplan 2020-2024. Forslag til ny RPS er lagt ut til høyring. ([lenke](#))

Planbehandling

- Vi har samordna innspela frå alle fagavdelingane i plansaker som fylkeskommunen har fått til høyring etter plan- og bygningslova.
- Vi har behandla kommuneplanens arealdel i Gjemnes, Halsa, Haram og Kristiansund, og kommuneplanens samfunnsdel i Aukra, Hareid, Vanylven kommune. Vi har også behandla komplekse delplanar i Sykkylven sentrum og Kristiansund sentrum og reguleringssplan for deponi på Raudsand. Etter ein markant auke i 2018 har talet på dispensasjonar stabilisert seg, og det er noko færre i strandsona.
- Vi reiste motsegn til 40 plansaker. Dei viktigaste årsakene er framleis omsynet til kulturminne (25), omsynet til barn og unge (20) og manglar i planane (22). Ei sak gikk til mekling hos fylkesmannen. Vi påklaga berre ei dispensasjonssak, dette var av omsyn til automatisk freda kulturminne.
- Vi gjennomførte regionalt planforum tre gongar, samla dei tre regionale plannettverka og sendt ut tre nyheitsbrev til kommunale planleggarar. Saman med Fylkesmannen arrangerte vi nasjonal konferanse om sjøareala for andre gong med nær 200 deltakrar.
- Vi deltar i eit pilotprosjekt om korleis vi kan planlegge aldersvenlege samfunn, saman med Ørsta, Volda og Ulstein kommunar og Fylkesmannen.

Samordna plan for areal-, klima-, og transport i Ålesundsregionen (PAKT)

Vi deltar i styringsgruppa og saman med samferdselsavdelinga i prosjektgruppa. Det er utarbeidd eit omfattande kunnskapsgrunnlag og planprogram i dei tre kommunane og i fylkesutvalet.

Statistikk og analyse

Vi har utarbeidd:

- Fylkesstatistikk
- Kommunestatistikk
- Statistikk til fagavdelingar, kunnskapsgrunnlag og questback-undersøkingar til foredrag internt og eksternt

Karttenester/GisLink

Vi har:

- oppdatert og utvikla kartdata i kartportalen GisLink, ein av fylkeskommunen sine mest brukte nett-tjenester.
- levert online karttenester til friluftsrådet Nordmøre og Romsdal i forbindelse med kartlegging av friluftsområder.
- levert karttenester og bidrag til fylkeskommunal tjenester som skoleskyss, FramFlexx, ruteplanlegging og til planlegging av kollektivtrafikken generelt.
- utført omfattande analyser knytt til Areal og transportmodell for Ålesundregionen.
- bidratt med analysar i prosjekt som Stikk UT, marine grunnkart for Herøy og laga kartleggingsverktøy for sjøaurebekkar.
- produsert mange nye kart grunna nye fylkes- og kommunegrenser frå 2020.

Visste du at 305 av 747 dispensasjonssaker gjaldt byggeforbodet i strandsona?

Satsingar i 2020

Vi skal:

- levere relevant, påliteleg og anvendeleg statistikk og analysar som underlag til regionale og kommunale planar, politiske avgjerder og samfunnsdebattar
- utarbeide og vedta ny regional planstrategi og fylkesplan for 2020-2024
- samordne fylkeskommunen sitt svar til kommunane i plansaker
- oppdatere GIS-link og forbetra bruken av kartportalen
- søge for at Prosjekta Campus Kristiansund, Møre og Romsdal 2025 og arbeidet med Klima-, areal- og transportplan for Ålesundsområdet, følger oppsett framdriftsplan og milepelar

Store prosjekt og satsingar

Fylkeskommunen har mange ulike prosjekt og satsingar. Her finn du ei oversikt over nokre av dei største satsingane og prosjekta som det blir arbeidd med no.

Nordøyvegen

Nordøyvegen er det største utbyggingsprosjektet i Møre og Romsdal fylkeskommune nokon gong, og knyter Ålesund kommune saman gjennom fastlandssamband til Lepsøya, Haramsøya, Flemsøya/Skuløya, Fjørtofta og Harøya. Prosjektet inneholder tre undersjøiske tunnelar, tre bruer og nye vegar på sjøfylling og ny veg over Fjørtofta og har ei kostnadsramme på 5,6 milliardar 2020-kr.

Møre og Romsdal fylkeskommune har inngått kontrakt med Skanska Norge AS om utbygginga av vegen. Arbeidet starta i januar 2019, og i løpet av året vart det starta driving av alle dei tre undersjøiske tunnelane, gjort omfattande arbeid på Lepsøyrevet og støyt og plassert seks senkekassar til Lepsøybrua på sjøbotnen. September var månaden med høgast aktivitet i kontrakten i 2019. Då hadde Skanska Norge AS 390 menneske i jobb på Nordøyvegen. I tillegg kjem prosjektorganisasjonen til Møre og Romsdal fylkeskommune og ulike leveransar og service til anlegget.

I oktober 2019 vart den siste kontrakten i prosjektet underskriven. Kraftmontasje AS frå Vestnes skal prosjektere og gjennomføre elektro- og automasjonsarbeida i prosjektet.

Nordøyvegen opnar etter planen for trafikk i 2022.

[Les meir om prosjektet her.](#)

Byen som regional motor

Kristiansund, Molde og Ålesund samarbeider om byutvikling gjennom prosjektet "Byen som regional motor". Målet er å styrke attraktiviteten i byane og stimulere til vekst og utvikling. Det er også eit mål at byane tek rolla som regional motor og trekk med seg omlandet i utviklinga. Attraktive bysentra, samferdsel og kollektivsatsing, og kompetansemiljø og utdanning er satsingsområde for byutviklingsprosjektet.

I 2019 vart byane ein del av FNs program for utvikling av smarte og berekraftige byar (U4SSC). 25. mill. kroner i tilskot frå fylkeskommunen har løyst ut byutviklingsprosjekt i byane verdt til saman 78,3 mill. kroner.

Tilskota har mellom gått til utvikling av Molde idrettspark, innbyggjarlab og gang og sykkelbru i Molde, til Kiperviktorget og til leikeplass i Byparken og Aspøya i Ålesund og til gang- og sykkelstiar, Fotobyen og sundbåt i Kristiansund.

[Ler meir om prosjektet her](#)

Innovasjonspartnarskap om nye bruløysingar

Innovasjonspartnarskap er offentleg-private partnarskap der norske kommunar og etatar går saman med næringslivet for å saman utvikle heilt nye løysingar på dagens og framtidas samfunnsutfordringar.

I dette prosjektet er fokus på bruer som er over 40 meter og krev tyngre vedlikehald. For å løyse utfordringane dette inneber, har vi invitert marknaden til å tenke nytt i lag med oss. Vi brukar innovasjonspartnarskap for å kunne utvikle dei beste ideane.

Den som har idear om korleis ein kan løyse dette, kan bli ein del av partnarskapet og få midlar til utvikling av løysningar. Det er sett av inntil 9 mill. kroner til utviklinga.

I august inviterte vi til marknadsdialog om bruløysingar med potensielle leverandørar og fagmiljø.

[Les meir om prosjektet her.](#)

Smartare transport

Gjennom ein konkurranse fekk vi i 2018 tildelt midlar frå Samferdselsdepartementet til prosjekt som skal utvikle og teste ut nye, effektive og miljøvennlege transportløysingar.

I løpet av prosjektperioden på fire år skal fylkeskommunen utgreie løysingar for eit framtdsretta system for kollektivtransport med autonome passasjerbåtar i byar.

- Autonome passasjerbåtar i trafikk i byar
- Smarte styringssystem og seglingsfrekvensar/-mønster
- Landbasert infrastruktur med kontroll, lade- og fyllefunksjonar
- Tilpassing og uttesting i Ålesundsregionen og i Kristiansund

Måla for prosjektet er mellom anna å:

- Nyte vassvegen som avlastning til vegnettet
- Bidra til eit framtdsretta og fleksibelt kollektivtilbod i byane
- Gi kollektivreisande betre oversikt, mobilitet og brukarvennlegheit
- Skape nærings- og kunnskapsutvikling

Prosjektet skal utviklast i samarbeid mellom SINTEF, NTNU, Ålesund og Kristiansund kommune.

[Les meir om prosjektet her.](#)

Berekraftfylket Møre og Romsdal

Med prosjektet ønsker Møre og Romsdal å ta ei tydeleg rolle i å utvikle eit berekraftig samfunn for framtida.

I følge dei nasjonale forventningane skal:

- berekraftsmåla vere det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane i vår tid.
- fylkeskommunar og kommunar vere nøkkelaktørar for å realisere berekraftsmål i Norge.
- Berekraftsmåla bli ein del av samfunns- og arealplanlegginga, og dermed fylkeskommunane og kommunane si verksemد.

Berekraftfylket Møre og Romsdal er eit svar på regjeringa sine forventningar. Det inngår i «Det norske bærekraftløftet», der både Møre og Romsdal fylkeskommune, Ålesund (med Giske og Sula), Molde og Kristiansund kommune er med.

Fylkeskommunen tar ansvaret for å samordne «Berekraftfylket Møre og Romsdal». Satsinga vil omfatte alle kommunar og etatar som ønsker å bli med.

Eit mål er mellom anna å presentere «berekraftindikatorar» i ei dataplattform som gjer det mogleg for kommunane å samanlikne seg med andre kommunar, både i fylket, og etter kvart i landet. Tilsvarande vil fylke og statlege aktørar kunne gjere det same.

[Les meir om prosjektet her.](#)

Campus Kristiansund

Campus Kristiansund skal samle høgare utdanning, forsking og innovasjon på ein felles campus i Kristiansund sentrum. Prosjektet koordinerer dei ulike samfunnsaktørane som jobbar for dette.

Dugnaden for å utvikle CKSU har mellom anna resultert i

- 50 % fleire høgskulestudentar frå 2016 til 2019 (dei fleste frå HiMolde)
- samling av vekstmiljøfunksjonar
- statleg finansiering av 150 studieplassar
- fleire tiltak for studentar
- utvikling av ei rekke nye tilbod i fag- og høgskule
- etablering av Møreforskning i Kristiansund og oppbygging av biomarint forskingsmiljø på campus.

- løyving på 4,2 mill. kronar over tre år frå fylkeskommunen
- fleire faglege møteplassar

Campusprosjektet har koordinert den faglege campusutviklinga med utbyggjarane sitt arbeid med regulering og bygg. Vi har prioritert arbeidet med å utvikle eit biomarint forskingsmiljø og med å involvere private verksemder i FoU-arbeid. Hausten 2019 starta prosessen med å etablere ein innovasjonslab på CKSU. Andre viktige oppgåver er marknadsføring og få på plass statleg finansiering. Campus Kristiansund vil truleg opne i 2023.

[Les meir om prosjektet her.](#)

Møre og Romsdal som eigen region mot 2025

Prosjektet arbeider med korleis offentleg sektor med ansvar for Møre og Romsdal kan arbeide betre saman for å styrke regionen. I 2019 har vi lagt vekt på å etablere møteplassar for deltagarane som er regional stat, fylkeskommunen, fylkesmannen og kommunar. Nyttårskonferansen, statsetatmøta og referansegruppa frå offentleg sektor er allereie etablert som gode møteplassar.

Møre og Romsdal 2025 skal også legge til rette for fellessatsingar på område deltagarane ønsker å samarbeide betre på.

- Vi har etablert Levekårsnettverket og Fellessatsing mot utanforskap.
- Vi jobbar med å styrke Ungt entreprenørskap
- Vi har etablert Berekraftfylket Møre og Romsdal som den største satsinga
- Regionalt digitaliseringssamarbeid er under arbeid.

[Les meir om prosjektet her.](#)

Ein bit av historia

Prosjektet jobbar for at kulturturisme skal bli heilårsnæring: Verdiskapingsprogrammet 'Ein bit av historia' skal stimulere til at det veks fram nye tilbod, oppleveligar og arbeidsplassar som bygger på historia og kulturarven vår langs historiske strekningar i Møre og Romsdal, som Valldalsleia, Den Trondhjemske postvei, og Kystpilegrimsleia.

I 2019 har vi arbeidd med å utvikle digital historieformidling, vi har gjennomført tilstandsregistreringar langs postvegen og lagt til rette for etablering av eit regionalt kystpilegrimssenter i samarbeid med Trøndelag fylkeskommune.

Prosjektet fekk tilskot frå Riksantikvaren, og desse midlane vart lyst ut ulike prosjekt knytt til postvegen, som historieformidling, enkel restaurering og skjøtsel, turvegar og tilskot til næringsutvikling. I tillegg har vi lyst ut midlar til ulike tiltak og prosjekt som bidrar til å utvikle pilegrimsleiene.

I oktober avdekte arkeologar frå fylkeskommunen og Norsk institutt for kulturminneforskning spor av eit skip i Smøla kommune, ved hjelp av georadar. Skipet er mest sannsynleg eldre enn tusen år. Oppdaginga skjedde på Edøy, i regi av prosjektet.

[Les meir om prosjektet her.](#)

Reiseliv, mat og kultur 2018 -2020

Møre og Romsdal er eit attraktivt reisemål, og turistane spør etter det autentiske og "det lille ekstra". Lokale mattradisjonar er ein viktig del av kulturen vår. Å kunne tilby tilreisande og lokalbefolkinga gode matopplevelingar, er viktig for auka lønsemada i reiselivsnæringa og styrke Møre og Romsdal som opplevingsfylke.

Prosjektet skal bidra til auka lønsemdu og verdiskapning i lokalt næringsliv. Det skal også bidra til fleire tilrettelagte opplevelingar gjennom riktig og auka samhandling mellom mat-, kultur- og reiselivsaktørar, der mat og drikke blir produsert med lokale råvarer og basert på lokale mattradisjonar.

I 2019 arrangerte vi Opplevingsfestival for over 100 reiselivsbedrifter, matprodusentar og kulturaktørar, lyste ut stipend for unge kokkar og arrangerte fagdag for elevar ved restaurant og matfag i vidaregåande skole.

[Les meir om prosjektet her.](#)

Fleire statlege arbeidsplassar i Møre og Romsdal


Fylkeskommunen har tatt initiativ til å etablere eit eige prosjekt som skal arbeide med å få fleire statlege arbeidsplassar til Møre og Romsdal. Formålet er at eit større innslag av statlege arbeidsplassar i arbeidsmarknadane i Møre og Romsdal, vil gjere dei både meir attraktive og robuste.

Bakgrunnen for prosjektet er at Møre og Romsdal treng fleire statlege arbeidsplassar. Fylket har om lag 4.000 færre statlege arbeidsplassar enn snittet for dei andre fylka, målt etter storleik på arbeidsmarknaden. Denne utviklinga styrka seg i 2019. Samtidig vart nye funksjonar lagt til fylket: nytt eldreombud med sekretariat i Ålesund, eit tilsyn med private barnehagar til Molde og i Kristiansund fekk Helseinnovasjonssenteret ein fast post på statsbudsjettet med eit årleg grunntilskot på 10 mill. kroner.

[Les meir om prosjektet her.](#)

Slik er vi organisert

Administrativ organisering* Møre og Romsdal fylkeskommune



*Møre og Romsdal fylkeskommune har vedtatt ny organisasjonplan. Nytt kart vil bli lagt ut hausten 2020 etter at den nye organisasjonsplanen er etablert.

Kart som viser politisk organisering finn du under Politikk

Leiargruppa til fylkesrådmannen

- Ottar Brage Guttelvik, fylkesrådmann
- Gunn Randi Seime, assisterende fylkesrådmann
- Nils-Gunnar Solli, organisasjonssjef
- Gudmund Lode, juridisk sjef
- Ingunn Bekken Sjåholm, konst. fylkesplansjef
- Erik Brekke, fylkesutdanningssjef
- Arild Fuglseth, samferdselsjef
- Heidi-Iren Wedlog Olsen, fylkeskultursjef
- Bergljot Landstad, regional- og næringssjef
- Anthony Normann Valen, fylkestannlege
- Per Olaf Brækkan, bygg- og eigedomssjef

Andre som møter fast:

- Inger Johanne Moene, kommunikasjonssjef


- Robert Løvik, seksjonsleiar administrativ seksjon
- Dag Lervik, prosjektsjef omstilling 2020
- Rune Solenes Opstad, prosjektfagleiar
- Geir Fjørtoft, konst. økonomisjef

Tilsette og årsverk i tal

Ved slutten av 2019 hadde Møre og Romsdal fylkeskommune 2445 tilsette og 2203 årsverk. Dette er ein nedgang på 71 tilsette og 49 årsverk frå året før.


Tal på årsverk

● Series 1



Tal på tilsette


Totalt Kvinner Menn



Talet på tilsette i deltidstilinger har gått ned fra 821 til 715 på fem år.


Tal på tilsette i deltidstillingar

Totalt Kvinner Menn



Tilsette og årsverk fordelt på sektor


● Bygg og vedlikehald, drift* ● Sentraladministrasjonen** ● Skole ● Tannhelse




* Driftspersonale i bygg- og egedomsavdelinga

** Sentraladministrasjon er inkludert fellesenesta og kontrollsekretariat

Kjønnsfordeling i dei ulike sektorane




Kvinner og menn i leiande stillingar



Arbeidsleiarar er f. eks leiarar på dei enkelte einingane i bygg- og vedlikehaldsavdelinga.

Gjennomsnittsalder på tilsette


Kvinner Menn Totalt




Per november 2019

Sjukefråvær 2010-2019

● Series 1



Sjukefråvær i ulike aldersgrupper fordelt på kjønn



Organisasjonsutvikling

Med over 2400 tilsette fordelt på større og mindre lokasjoner i heile fylket, er fylkeskommunen ein av dei største arbeidsgivarane i Møre og Romsdal. For at fylkeskommunen skal levere tenester av høg kvalitet, er gode støttefunksjonar avgjerande.

Omstilling av organisasjonen

Møre og Romsdal fylkeskommune mot 2020 skal arbeide for å tilpasse fylkeskommunen sin tenesteproduksjon og rolla som utviklingsaktør, til dei økonomiske rammeendringane kjem dei komande åra. I tillegg til det økonomiske perspektivet skal omstillingsprosjektet ta opp i seg behovet for å modernisere, effektivisere og profesjonalisere den fylkeskommunale organisasjonen.

Prosjektet er gjennomført i samsvar med fastsett framdriftsplan. I desember vart rapporten for prosjektfase 2 behandla i fylkestinget. Rapporten gjer greie for korleis det gjennom prosjektorganisasjonen har vore arbeidd med alle tiltaksområda i prosjektet, og omtalar både prosessen, dei viktigaste tiltaka, avgjerder som er tatt på administrativt nivå, og viser til eigne saker som vert lagt fram for politiske vedtak. [Her kan du lese heile rapporten for prosjektfase 2](#)

Prosjektet har ved inngangen til 2020 gått over i siste prosjektfase gjennomføringsfasen (fase 3). Mange av tiltaka vil bli gjennomført i linjeorganisasjonen med støtte frå prosjektstaben.

Dei viktigaste tiltaka for fase 3 er:

- Innføring av ny administrativ organisering
- Utvikling av verksemestrategi og tiltak for oppfølging av strategien
- Utvikling av Campus og lokalisering av arbeidsplassar i Kristiansund
- Prosjekt for å utgreie administrativ samanslåing av Fagerlia og Ålesund vgs
- Gje støtte til gjennomføring av vedtekne tiltak for å omstille organisasjonen og redusere driftsnivået

Arbeidsgivarpolitikk i 2019

Arbeidsgivarpolitikken, med tett kopling til oppgåveløysing og tenestekvalitet, står i sentrum for utvikling av organisasjonen vår. Viktige tiltak er introduksjon av nye leiarar og medarbeidarar, leiarutvikling, leiardialog, personalseminar, opplæringstiltak og konferansar, samt OU-tiltak både i fagavdelingar og i ytre einingar. I regi av Omstilling 2020, er det i 2019 vedtatt samordning av verksemestrategi og arbeidsgivarpolitikk. Overordna mål for ny verksemestrategi og organisasjonspolitikk er: «Møre og Romsdal fylkeskommune er ein lærande organisasjon, samfunnsutviklar og tenesteleverandør som møter framtidige behov med bærekraftige løysingar.» Arbeidet med å utvikle innhald til verksemestrategien er starta opp, og vil fortsette i 2020.

300 leiarar, tillitsvalde og verneombod deltok på arbeidsgivarkonferansen i 2019

Kompetanseutvikling

Kompetanseutvikling skal skje etter prinsippa om kompetansestyring. Kompetansestyring er eit viktig verkty for leiarar til å utvikle medarbeidarane sin kompetanse i takt med utviklingstrekkja i organisasjonen og omgjevnadane.

Fylkesakademiets sin kurskatalog for 2019, kompetansetilbod på arbeidsgivar- og organisasjonsområdet, presenterte eit breitt utval av kompetansetilbod til målgruppene. Kompetansetiltak som er gjennomført i 2019 er:

- arbeidsgivarpolitikk-konferansen
- HMS-kurs
- kurs i prosjekt- og prosessleiring

- kompetansetiltak innan kommunikasjon, språk, økonomi, juridisk
- administrativ fagutvikling saman med kompetanseutvikling på digitale verktøy.

E-læringskursa har også eit stort omfang.

HMS

Arbeidet med helse, miljø og sikkerheit (HMS) er ei prioritert oppgåve. Gjennom eit godt utvikla kvalitetssystem er lokal HMS-dokumentasjon frå alle einingane våre samla og tilgjengeleg for alle tilsette på intranett. Gjennom årlege evalueringar av HMS-dokumentasjonen, har vi det siste året sett ei betring av kvaliteten. I 2019 var det nær 86 prosent av dokumentasjonen som fylte krava.

Vi arbeider kontinuerleg med å få alle innhaldselementa i dei lokale HMS-mappene oppdatert med dei krava vi har sett for HMS. HMS-arbeidet er knytta tett opp mot kvalitetsstyring. Det er viktig at korrigerande og risikoreduserande aktivitetar blir sett i verk så snart som råd. Vi har skjerpa inn krav om at alle må ha eit operativt HMS-årshjul ved starten av året, og at bedriftshelsetenesta skal delta på minst fire AMU-møte kvart år. Dette er i tråd med forskriftene. Vi har intensivert arbeidet med å redusere sjukefråveret innan tannhelse. Gjennom den modulbaserte HMS-opplæringa og e-læringsmodular har vi sett søkelyset på risikovurderingar og at HMS-arbeidet skal vere risikostyrt. [Du kan lese meir om HMS-arbeidet i HMS årsrapport](#)

Rekruttering i fylkeskommunen

Som følge av omstilling 2020, endra fylkesrådmannen rutinane for rekruttering, for å sikre merksemd på bemanningsplanlegging og grundige vurderingar/analyse før eventuell rekruttering.

Fylkeskommunen rekrutterte omlag nye medarbeidarar i 2019. Overføring av fylkesvegadministrasjonen frå Statens vegvesen til Møre og Romsdal fylkeskommunen var eit omfattande rekrutteringsprosjekt. Om lag 120 nye medarbeidarar er frå 1. januar 2020 tilsett i vegavdelinga i samferdselsavdelinga.

Lønsutvikling

I 2019 er det gjennomført lokale forhandlingar for tilsette i HTA kapitel 3 og 5, der all lønsdanning skjer lokalt. Forhandlingsklimaet med organisasjonane er godt, og det vart ingen forhandlingsbrot. Gjennomsnittleg lønsutvikling i kap. 3 vart på 3,23 prosent, og i kap. 5 på 3,20 prosent. Ramma for den sentrale reguleringa i kap. 4 vart stipulert til ei gjennomsnittleg lønsutvikling på 3,20 prosent.

Ramma for den sentrale reguleringa i kap. 4 vart stipulert til ei gjennomsnittleg lønsutvikling på 2,8 prosent.

Partsamarbeid

Fylkeskommunen legg vekt på gode samarbeidstilhøve mellom partane i organisasjonen. Det er etablert mange møteplassar for informasjon, drøfting og samarbeid på ulike nivå i organisasjonen. Hovudsamarbeidsutvalet er arena for partane sentralt, og i 2019 vart det behandla 39 saker i utvalet. I tillegg blir tillitsvalte og verneombod inviterte til å delta på viktige møteplassar som læringsnettverk, kompetansetiltak og i arbeidsgrupper for utforming av retningslinjer og organisasjonsutvikling.

Innkjøp- og anbodskonkurransar

Det er lagt ned store ressursar i arbeid med innkjøp/anbodssaker/bistand under oppfølging av store utbyggingssaker, samferdselssaker og arbeid med informasjonstryggleik for heile organisasjonen.

Innkjøpsseksjonen har i 2019 gjennomført omlag 120 enkeltanskaffingar på varer og tenester.

Kommunikasjon, digitalisering og teknologi

Den digitale utviklinga stiller nye krav til både kommunikasjonsflater og arbeidsformer. I 2019 fekk vi på plass ei ny, funksjonell og brukartilpassa nettside for fylkeskommunen. Dette har vore eit omfattande arbeid, og vi tek sikte på å få på pass nye nettsider for skolane i løpet av første halvår av 2020. Det har også i 2019 blitt arbeidd med å få ein endå større del av inngående og utgående

fakturabehandling over på elektronisk løysingar. IT-området er heile tida i rask endring og har jamleg behov for fornying. Dette fører igjen til at mellom anna løysingane for tryggleik må oppgraderast. Arbeidet med digitalisering blir svært sentral i åra som kjem.

Bygg og eigedom

Møre og Romsdal fylkeskommune eig 227.195 m² bygningsmasse fordelt på 164 bygningar. I hovudsak er dette bygningsmasse knytt til videregåande skolar. I tillegg leiger fylkeskommunen mykje areal knytt til tenesteproduksjon innanfor kultur, utdanning, tannhelse og samferdselssektoren. Bygg- og eigedomsavdelinga har ansvar for forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling av den fylkeskommunale bygningsmassen. [Du kan lese meir i Bygg og eigedom sin eigen årsrapport](#)


Dei fylkeskommunale skolebygga

Dei siste åra har det blitt gjennomført tilstandsregisteringar på dei fylkeskommunale skolebygga. Tilstandsregisteringa frå 2018 viser at dei fleste bygga har ein god standard, men at nokre bygg er i svært dårlig tilstand. Av dei 215 787 m² av skolebygg som vart tilstandsregisterert i 2018 er 6% rekna å være i svært dårlig tilstand (tilstandsgrad dårligare enn 2,25). Dette er bygg kor det må gjørast tiltak dei neste åra for å hindre stenging av bygg.

[Du kan lese meir om forvaltning av eigedomsmassen i Eigedomsstrategien](#)

Skolane med dårlegast teknisk tilstandsgrad

● Skolar med areal over 1500 m²



Dei fylkeskommunale skolebygga er fordelt på tre bygningskategoriar for å sikre at vedlikehaldsmidlane blir disponert optimalt.

- A-bygg er bygg det er planlagt omfattande ombyggings- eller rehabiliteringstiltak på innan relativt kort tid.
- B-bygg er bygg vi skal behalde over tid, og derfor vil det bli gjennomført verdibevarande vedlikehald på desse bygga.
- C-bygg er bygg som skal rivast eller avhendast.

Tilstandsregistreringa frå 2018 viste eit vedlikehaldsbehov på B-bygga på ca. 229 mill. kr dei neste 5 åra.

Byggeprosjekt som er vedtatt av fylkestinget og under bygging

Kvar	Kva	Areal BTA	Totalt budsjett	Rekneskap 2019	Totalt rekneskap
Romsdal vgs	Nybygg i massivtre	12 400 m ²	520 mill. kr	14,4 mill. kr	510,4 mill. kr
Spjelkavik vgs	Tilbygg og rehabilitering	8 314 m ²	225 mill. kr	22,6 mill. kr	213 mill. kr
Fagerlia vgs	Nybygg	3 004 m ²	146 mill. kr	63,7 mill. kr	101,8 mill. kr
Ørsta vgs *	Nybygg		2,2 mill. kr	0,14 mill. kr	1,35 mill. kr
Spjelkavik Arena*	Ny idrettshall		5 mill. kr	3,2 mill. kr	3,2 mill. kr

*For prosjekt utan vedtatt totalramme, er det budsjett så langt som er oppgitt.


ENØK-tiltak starta i 2019

Kvar	Kva	Totalt budsjett	Rekneskap 2018
Atlanten vgs	Nytt anlegg jordvarme	4,9 mill. kr	3,9 mill. kr
Kristiansund vgs*	Utviding av brønnpark til varmepumpe	1,5 mill. kr	1,6 mill. kr
Molde vgs*	Brønnboring til varmepumpe	0,72 mill. kr	0,9 mill. kr
Sunndal vgs	Fasaderehabilitering og etterisolering del 3	5,2 mill. kr	5,2 mill. kr
Sunndal vgs	Fasaderehabilitering og etterisolering del 4	6,2 mill. kr	6,3 mill. kr
Volda vgs	Brønnboring og varmepumper	0,6 mill. kr	0,8 mill. kr

* Arbeidet fortsetter i 2020 med utvida budsjettramme

Redusert energiforbruk i skolebygga

Det har blitt gjennomført mange ENØK-tiltak på dei fylkeskommunale skolebygga. Det gjer at det totale energiforbruket har blitt redusert med 18,79 prosent (5,8 Gwh) sidan 2009.



Politiske møte

Møre og Romsdal fylkeskommune sitt øvste politiske organ er [fylkestinget](#).

- Det vart gjennomført fire fylkestingssamlingar i 2019. Her vart det behandla til saman 110 saker.
- Fylkesutvalet, som er fylkestinget sitt arbeidsutval, hadde 15 møte og behandla 156 saker

I tillegg har det vore mange orienteringar frå bedrifter, organisasjonar og kompetansemiljø i Møre og Romsdal.

Fylkeskommunen har tre hovudutval, ei plannemnd og seks rådgivande utval.

Fylkesting, fylkesutval og hovudutval

Utval	Tal på rep.	Leiar
Fylkestinget	47	Tove-Lise Torve (Ap)
Fylkesutvalet	13	Tove-Lise Torve (Ap)
Klagenemnda	13	Tove-Lise Torve (Ap)
Kontrollutvalet	5	Terje Hals (Nml)
Kultur, næring- og folkehelseutvalet	13	Marit N. Krogsæter (Sp)
Samferdselsutvalet	13	Kristin Sørheim (Sp)
Utdannings- og kompetanseutvalet	13	Per Ivar Lied (Sp)

Dette er utvala som gjeld frå oktober 2019.

Rådgivande utval

Utval	Tal på rep.	Leiar
Ungdommens fylkesting *		Urté Karanauskaité
Ungdomspanelet	8	Urté Karanauskaité
Fagskolestyret	7	Bjarne Storfold Elde (Ap)
Eldrerådet	7	Anne Lise H. Følsvik
Yrkesopplæringsnemnda	10	Elin Ous (NHO)
Rådet for personar med nedsett funksjonsevne***	9	Siv Katrin Ulla (Ap)
Utbyggingsutval for bygg og vegsaker**	5	Anders Riise (H)
Fylkestrafikktryggingsutvalet **	5	Iver Nordseth (V)
Rådet for likestilling av funksjonshemma **	9	Monica Molvær (H)
Plannemnd for samferdselsutbygging **	3	Frank Sve (FrP)
Plannemnd for byggeprosjekt **	3	Charles Tøsse (H)

Saker= ordinære saker, ikkje referatsaker

* ungdommens fylkesting vart ikkje arrangert i 2019

** utvalet vart lagt ned hausten 2019

*** utvalet vart oppretta hausten 2019

Oversikt over aktivitet 2018-2019

	Møte 2019	Møte 2018	Saker 2019	Saker 2018	Utgifter 2019	Utgifter 2018
Fylkestinget	4	4	110	69	14889	13608
Fylkesutvalet	15	15	156	114	*	*
Klagenemnda	8	7	27	14	*	*
Kontrollutvalet	8	8	69	74	354	362
Kultur- og folkehelseutvalet	5	8	47	67	47	944
Regional- og næringsutvalet	5	9	54	82	54	1103
Kultur-, næring- og folkehelseutvalet	3	0	28			
Samferdselsutvalet	10	10	85	84	1588	1588
Utdanningsutvalet ***	5	8	26	41	1057	989
Ungdommens fylkesting		3		13	618	1003
Ungdomspanelet	18	16	43	37	**	**
Fagskolestyret	4	6	19	20		
Eldrerådet	4	5	24	16	220	304
Rådet for likestilling av funksjonshemma***	3	5	15	18	322	430
Plannemnd for byggjeprosjekt***	4	2	12	6	435	421
Plannemnd for samferdselsutbygging ***	5	8	7	12	448	426
Utbyggingsutval for bygg og vegsaker	1		3			
Yrkesopplæringsnemnda	4	6	13	21	225	255
Fylkestrafikktryggingsutvalet***	3	4	9	14	310	310

Saker= ordinære saker, ikke referatsaker

Utgiftene er oppgitt i 1000 kroner


* Fylkesting + fylkesutval + godtgjersle fylkesordførar, fylkesvaraordførar og andre medlemmar + representasjon

** Ungdomspanelet + arrangering av Ungdommens fylkesting (ikkje arrangert i 2019) + Ungdomsmidlane (250 000 kr)

*** nedlagt hausten 2019, jf. T-29/19

Politikarane våre

Politisk organisering



* Etter valet 2019 vart kultur- og folkehelseutvalet og regional og næringsutvalet slått saman til kultur, næring- og folkehelseutvalet.

Du kan lese meir om dei ulike politiske utvala og råda på nettsida vår

Fylkesordførar Tove-Lise Torve

Fram til oktober 2019 var Jon Aasen (Ap) fylkesordførar. Tove-Lise Torve vart valt til fylkesordførar etter valet i 2019. Begge representerer Arbeiderpartiet.



Fylkesordførar Tove-Lise Torve (Ap)



Jon Aasen vart takka av under fylkestinget i oktober, etter to periodar samanhengande som fylkesordførar (tre totalt).

[Fylkesutvalet](#)



Monica Molvær (H), Frank Sve (FrP), Anders Riise (H), Anne Marie Fiksdal (FrP), Pål Farstad (V), Per Vidar Kjølmoen (Ap), Geir Asle Stenseth (FrP), Tove-Lise Torve (Ap), Kristin M. Sørheim (Sp), Randi Walderhaug Frisvoll (KrF), Jan Ove Tryggestad (Sp), Yvonne Wold (Sv) og Carl Johansen (MDG).

Medlemmar av fylkestinget 2019-2023

Fylkestinget som var valt inn hausten 2019.

Arbeiderpartiet	Senterpartiet	Fremskrittspartiet	Høyre
Tove-Lise Torve	Kristin Marie Sørheim	Frank Sve	Torgeir Dahl
Per Vidar Kjølmoen	Geir Inge Lien	Geir Asle Stenseth	Anders Riise
Eva Mariann Vinje Aurdal	Jan Ove Tryggestad	Anne Marie Fiksdal	Monica Molvær
Jakob Vorren	Marit Nerås Krogsæter	Gunnhild Meringdal	Kjersti Andersen
Line Hatmosø Hoem	Ingunn Oldervik Golmen	Hans Olav Myklebust	Falk Daniel Øveraa
Mellvin Arvid Steinsvoll	Per Ivar Lied	Håkon Lykkebø Strand	Heidi Nakken
Siv Katrin Ulla	Tove Henøen	Roger Bach	Bente Bruun
Erik Kursetgjerde	Henrik Stensønes	Oskar Grimstad	
Lilly Gunn Nyheim	Bernt Venås		

Kristeleg folkeparti	Sosialistisk venstreparti	Miljøpartiet De Grønne	Nordmørslista
Randi Walderhaug Frisvoll	Yvonne Wold	Carl Johansen	Elisabeth Jørgenvåg
Harry Valderhaug	Kim Thoresen-Vestre	Joakim Skaar	Terje Hals
Victoria Smenes	Anders Lindbeck		

Arbeiderpartiet	Senterpartiet	Fremskrittspartiet	Høyre
Rødt	Sunnmørslista	Venstre	Uavhengig valliste for Sunnmøre
Silje Alise Ness	Hans Kjetil Knutsen	Pål Farstad	Bjarne Kvalsvik

Ung i politikken

Ungdommens fylkesting

Kvar haust blir det arrangert ungdommens fylkesting (UFT). UFT er ungdommane sitt øvste politiske organ i fylket. Dei diskuterer viktige saker som gjeld ungdom i fylket. Kvar kommune er representert med to ungdomsrepresentantar. Vedtak fatta av UFT er viktige og retningsgjevande for fylkestingspolitikarane i Møre og Romsdal fylkeskommune. Ungdommens fylkesting skal gi ungdom meir innflytelse, opplæring i kvar dei kan delta i demokratiske kanalar og bidra til å auke ungdom sitt samfunnsengasjement. Ungdommens fylkesting for 2019 vart avlyst, og det sittande ungdomspanelet vil fungere fram til nytt val hausten 2020.

Ungdomspanelet

Under Ungdommens fylkesting blir det valt eit nytt ungdomspanel (UP). Dette er UFT sitt arbeidsutval som jobbar mellom kvart fylkesting. UFT lagar eit handlingsprogram som ungdomspanelet skal arbeide med det kommande året. Ungdomspanelet har ni faste og fem varamedlemmar.

Ungdomspanelet 2019/2020

- Urté Karanauskaité, leiar
- Ole August Iversen, nestleiar
- Thea Elise Gråberg, medlem
- Joakim Myklebost Tangen, medlem
- John Salthammer, medlem
- Hedda Haugen, medlem
- Silje Sandøy Husøy, medlem
- Ole Stensby, medlem
- Lene Vadseth Larsgård, medlem
- Sigurd Farstad, vara
- Ester Annie Brende, vara
- Jonas Skogtrø Olsen, vara
- Erica Ruiz Solhjem, vara
- Andrea Kjellstad, vara



Silje Sandøy Husøy, Lene Vadseth Larsgård, John Salthammer, Urté Karanauskaité, Sigurd Farstad, Hedda Haugen og Erica Ruiz Solhjem. Bak f.v. Andrea Kjellstad, Joakim Myklebost Tangen, Jonas Skogtrø Olsen, Ole Stensby, Thea Elise Gråberg, Ester Annie Brende og Ole August Iversen.